

Møtebok
for
Kommunestyret

Møtedato: 24.06.2019
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 09:00 - 14:30

Det vert generalforsamling i Einekavane AS i starten av møtet.

Revisjonssjef Janne Eraker kjem kl 9 og orienterer kommunestyret om samanslåing av kommunal revisjon

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
John Torsvik	H	Medlem
Atle Nordland	H	Medlem
Wenke Fredheim Ekren	H	Medlem
Lene Hansen Kvamsdal	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem
Bjørn Egil Nordland	AP	Medlem
Jon Hope	Krf	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Wenche Dåe	Sp	Medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Frode Langhelle	H	Medlem
Bjarte Andvik	H	Medlem
Egil Kvingedal	V	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Astrid Daae Kristiansen	H	Bjarte Andvik
Henning Atle Fredriksen	H	Frode Langhelle
Tove Kristin Sleire Tistel	V	Egil Kvingedal

Følgjande frå administrasjonen møtte:
Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

Sakliste

Saksnummer: Sakstittel:

029/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste	s. 03
030/2019	Godkjenning av møtebok	s. 04
031/2019	Fråsegn til nasjonal rammeplan for vindkraft på land frå Masfjorden kommune	s. 05
032/2019	Økonomisk rapportering - 1.tertial 2019	s. 19
033/2019	Kvalitetsmelding for skule og barnehage 2018/19	s. 25
034/2019	Skuleskyss Masfjordkulane kommunalt vedtak	s. 27
035/2019	Gulen og Masfjorden brann og redning (GMBR). Søknad om midlar til oppstart av øvings- og kompetansesenter Berinvest as	s. 32
036/2019	Ny selskapsavtale for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS frå 2020	s. 35
037/2019	Utbygging og avtalar bustadfelt Einestrاند	s. 37
038/2019	Finansrapportering pr. 30.04.2019/1.tertial 2019	s. 39
039/2019	Kraftmelding pr. juni 2019	s. 43
040/2019	Sosialsatsar NAV Fensfjorden	s. 45
041/2019	Referatsak	s. 47
042/2019	lærlingar – samarbeidsavtale og rammetal for tal lærlingar pr. år i Masfjorden kommune	s. 49
043/2019	Rammer for årsbudsjett 2020 & økonomiplan for 2020 – 2023	s. 52

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		19/431

Saknr	Utval	Type	Dato
029/2019	Kommunestyret	PS	24.06.2019

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 029/2019

KS - behandling:

Det vart sett framlegg om Astrid Daae (H) og Bjørn Egil Nordland (Ap) til å skrive under møteboka.

Rådmannen bad om at det vart lagt til to saker til innkallinga.

- Lærlingar - samarbeidsavtale og rammetal for tal lærlingar
- Rammer for årsbudsjett 2020 & økonomiplan for 2020 - 2023

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		19/431

Saknr	Utval	Type	Dato
030/2019	Kommunestyret	PS	24.06.2019

Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 030/2019

KS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-110	19/164

Saknr	Utval	Type	Dato
042/2019	Formannskapet	PS	17.06.2019
031/2019	Kommunestyret	PS	24.06.2019

Fråsegn til nasjonal rammeplan for vindkraft på land frå Masfjorden kommune

Vedlegg:

Journalposttittel

Høring - Nasjonal ramme for vindkraft

Høring - Nasjonal ramme for vindkraft

Dato

07.06.2019

07.06.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre kjem med dette med fråsegn til NVE sitt forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land, slik den er vist i NVE rapport dagsett 1. april 2019.

NVE har i sitt framlegg peikt ut 13 område som vert definert som mest eigna områda for vindkraft, og på side 164 i rapporten er midtre del av område 18 med namnet Nordhordland og Gulen kome med. Masfjorden kommune seier nei til å ha vindkraft i Nordhordland og Gulen, og ber om at OED tek heile område 18 ut av endeleg rammeplan.

Kommunestyret tilbakeviser at området i Masfjorden og Gulen er lite konfliktfullt. Dette området er ikkje godt eigna til vindkraftutbygging, med følgjande grunngjeving:

- Naturen som ikkje er utbygd eller lite utbygd i Masfjorden, er av så stor lokal, regional og nasjonal verdi for friluftsliv og reiseliv, at den ikkje bør byggjast ut til vindkraftformål. Her må spesielt Fjonfjella vest for Romarheimsdalen, Stordalen/ Kringla – området, og fjellområdet vest for Ynnesdalsvassdraget; Myrdalen, utmarka til Tangedalen og Rambjørørg nemnast. Resten av området er mjuke og harde eksklusjonar og ikkje eigna for utbygging. Masfjorden har med det ingen restområder igjen som kan regulerast til vindkraftutbygging.
- Topografien i Masfjorden er svært kupert og ikkje eigna til å etablere vegar og oppstillingsplassar for vindmøller i store deler av dette arealet. Inngrepa i landskap vil verte for store.
- Kommunen har nyleg vedteke ein kommuneplan som ikkje opnar for vindkraft, der mesteparten av fjell- og utmarksområda er lagt ut til LNF-område. Masfjorden kommune kjem ikkje til å dispensere frå ny kommuneplan for å byggje vindkraftverk i kommunen vår.

folkehelsa, noko som statistikken til fjelltrimmen og idrettslaga i kommunen med meir syner med svært mange brukarar. *Det vert vist til rapport/kart av juni 2019: «Kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Masfjorden kommune.»*

- Det føreslåtte området ligg nært opp til det folkerike området i og ved Bergen og omland, og det er difor svært mange brukarar av våre fjell- og utmarksområde.
- I det planlagde Biosfæreområdet i Nordhordland skal lokal forankring vera sentral for forvaltninga, og det vil vera eit brot på dette prinsippet om ein gjennom energilova køyrer over den lokale motstanden mot vindkraft i Nordhordland og Gulen, som er i klart fleirtal i kommunestyra i både Masfjorden, Gulen og Lindås kommune.
- Artsmangfaldet, knytt til naturtypar, fugl og vilt er stort innanfor området, som ligg i ein fjell, kyst- og fjordregion med mange ulike biotopar og der eit mangfald av naturtypar er veldokumentert. Det vert vist til vedlagde MVA – rapport 3/2003 Naturtypar i Masfjorden og MVA rapport 10/2003 Viltet i Masfjorden. *Eigen rapport «Vurdering av sårbare fuglearter i NVE vindkraftområde 18 – Masfjorden og Gulen kommune – fase 1» er under utarbeiding og vil verta ettersendt.*
- Landskapet med Sognefjorden i nord, og Masfjorden og Fensfjorden i sør og vest er unikt, og topografien er krevjande og eksponering i fjordlandskapet og i terrenget vil verta svært stor om det kjem vindkraft i desse områda. Sognefjorden er innseglinga til verdsarven vår ”Vestnorsk fjordlandskap», i Nærøyfjorden.
- Det er mange kulturlandskap og kulturminne av stølsmiljø, både i Stordalen, Matresfjella, Fjonfjella, og i influensområdet til Ynnesdalsvassdraget, som vil verta øydelagt av ei vindkraftutbygging. Stølsmiljøa har stor verdi som kulturminne og er godt ivaretekne.
- Bjørn West historia knytt til denne delen av Nordhordland har stor historisk verdi og av nasjonal interesse. Mange minner er knytt til kampane som skjedde i fjellområda rundt Stordalen, Kringlebotn og i Matresfjella under den 2. verdskrigen. Det siste slaget/kampane under den 2. verdskrigen i Nord-Europa var i desse fjellområda. (Klavefjellet m fl.) Til minne om motstandsgruppa Bjørn West, deira falne og deira sin innsats i desse fjella vart det i 1985 oppretta ein turmarsj. Denne marsjen har seinare gjeve årleg i Bjørn West sine fotspor med opp mot 800 deltakarar. Bjørn West historia vert i dag og formidla på Matre gjennom Bjørn West museet.
- Friluftslivskartlegginga som er gjort (sjå vedlegg), dokumenter at fjell- og kystområda i både Masfjorden, Gulen, Høyanger, og Lindås har store friluftinteresser knytt til seg. Stordalen er ein sentral inngangsport til Stølsheimen, med merka DNT-turstiar til Vardadalsbu, Nordalshytta, Skavlabu, og Fjellvassbu. Sentralt i Fjonfjella/ Masfjordfjella ligg Kalvedalshytta, alle turlagshyttene høyrer til Nordhordland Turlag/ Bergen og Hordaland Turlag. Det vert lagt ved turkart som dokumenterer dette.
- Utøving av jakt, fiske, og naturbasert reiseliv i Nordhordland og i Sogn vil i stor grad verte sterkt påverka. Nautesund camping, Stordalen fjellstove, Stordalen skisenter, leirskulen i Dyrkolbotn, lakse- og sjøauførande vassdrag, samt over 300 hytter/ hyttetomter berre i Stordalen viser at både fjell og kystområda i Masfjorden og Gulen har stor verdi for mange brukarar og næringsinteresser.
- Særskilt områda rundt Stordalen og Verkland er av stor lokal- og regional verdi for skiutfart, og er i stor utstrekning nytta av lokalbefolkninga i Masfjorden og Gulen, samt tilreisande frå Nordhordland og frå Bergensområdet. Eit landskap med vindmøller vil øydeleggje dette med både støy, visuell landskapsoppleving og risiko for iskasting.
- Fleire intakte kultur og naturlandskap av høg verdi ligg innanfor det føreslåtte området

Nordhordland og Gulen. Ein vil her spesielt vise til kartlegginga av inngrepsfrie naturområde (INON), samt verneplan for vassdrag og fleire naturreservat i dei ytre områda. Dei to verna vassdraga er Ynnesdalsvassdraget og Eikefetvassdraget (sjå kart).

- Miljødirektoratet har i brev/ rapport til Klima- og Miljøverndepartementet dagsett mai 2019, føreslått i kategori nasjonalpark, at cirka 129 km² av fjellområdet sør for Masfjorden (Fjonfjella) vert verna. Dette området kan då inngå i ein framtidig ny nasjonalparkplan i følge Miljødirektoratet. Fjonfjella utgjer det største inngrepsfrie naturområdet i ytre deler av Hordaland.
- Tålegrensa for kraftutbygging i Masfjorden er nådd, sidan mange vassdrag er regulert i Masfjorden kommune, med mange høgspenlinjer og transformatorstasjonar på kryss og tvers. Den samla belastninga, også under utbyggingsperiodane, er svært stor. Det er nettopp bygd ny 420 kV-linje frå Modalen til Mongstad. Vindkraft vil medføra store naturinngrep og bruk av store køyretøy/maskiner i ein utbyggingsfase og i samband med vedlikehald i etterkant.

I kommunane Masfjorden og Gulen betyr det mykje for bukvaliteten og for folkehelsa, at det er god tilgang på stille og fredelege naturområde utan inngrep og tekniske installasjonar. Denne viktige livskvaliteten vil verta forringa i vesentleg grad om det kjem vindkraftutbygging i område 18. Kommunestyret ber om at OED merkar seg innhaldet i vedlagde brev sendt frå kommunen til NVE den 11.10.2018, som i klartekst skildrar våre område nærmare, og at dette faktagrunnlaget vert vektlagt tyngre i det vidare arbeidet med nasjonal rammeplan.

Vidare er det ein kjensgjerning at innbyggjarar våre nyttar fjell og naturområda svært mykje til rekreasjon, jakt og fiske, og at område 18 vert svært mykje nytta av tilreisande frå nabokommunane Lindås, Austrheim, Gulen, Meland, Radøy og Bergen. Områda som høyrer til område **Nordhordland og Gulen** i planen har difor stor verdi både som område for dagsturar, og for lengre fjellturar for svært mange innbyggjarar i regionen Vestland.

Avslutningsvis vil kommunestyret i Masfjorden gje til kjenne at ein støttar ekskluderinga av alle områda som er gjort i den nasjonale rammeplanen i Nordhordland og Gulen innanfor analyseområde 18, og at ein meiner at desse eksklusjonane er godt grunngeve. Vidare meiner kommunestyret at også alle restområda burde vore ekskludert, sidan topografien i våre område er krevjande med mykje ulendt terreng, og fordi dei ikkje ekskluderte områda er svært avgrensa i storleik. Det betyr at for dei fleste av dei attverande område, vil vindkraftutbygging medføra store inngrep i høve til mengde kraftproduksjon området kan gje.

Konklusjon:

Masfjorden har bidrege med store kraftutbyggingar i desse fjellområda. Likevel ligg der ein god del urørd natur att. Denne vil i stor grad bli utbygd og øydelagd med den føreslåtte vindkraftutbygginga. Ein snakkar då om eit industriområde i den vakre fjellheimen vår.

Dei store kultur, natur- og friluftsverdiane er av stor betydning for livskvaliteten for innbyggjarane i Masfjorden, samt viktige bruksinteresser knytt til busetnad, reiseliv, drikkevatt, jakt og fiske med vidare vil medføra svært store konflikhtar om ikkje rammeplanen for vindkraft vert endra.

Kommunestyret forventar at OED lyttar til vår fråsegn, og tek ut heile område 18 **Nordhordland og Gulen** av rammeplanen.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

OED har i brev 01.04.2019 sendt ut NVE sitt framlegg til ei nasjonal ramme for vindkraft på land ut på høyring. I brevet sitt første avsnitt skriv OED følgjande:

«Olje- og energidepartementet ga i brev av 9. februar 2017 Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) i oppdrag å lede et arbeid med å lage forslag til en nasjonal ramme for vindkraft på land. NVEs faglige forslag foreligger nå i form av en rapport datert 1. april 2019: http://publikasjoner.nve.no/rapport/2019/rapport2019_12.pdf. Forslaget inneholder et samlet kunnskapsgrunnlag om virkninger av vindkraft på land og et kart: <https://temakart.nve.no/link/?link=nasjonalramme> med forslag til det NVE mener er de mest egnede områdene for lokalisering av ny vindkraft.»

Høyring

I brev frå OED av 12. april vart fristen til å koma med høyringssvar utsett til 1. oktober 2019. Alle kan koma med høyringssvar til saka.

Fakta

Det vert vist til høyringsbrev vedlagd saka, samt rapporten til NVE dagsett 1. april med kunnskapsgrunnlag og kart, sjå lenker ovanfor.

Kommunestyret avgjorde i møtet den 09. mai i sak 028/2019 at ei gruppe med 1 representant frå kvart av partia vert sett ned og jobbar fram ei felles høyringsinnspel til nasjonal ramme for vindkraft, og følgjande personar vart oppnemnd til å delta:

Torill Torsvik Størkersen (Ap), Geir Egil Haugsvær (Sp), Janne-Judith K Sandnes (FrP), Tove Kristin Sleire Tistel (V), Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) og John Torsvik (H).

Arbeidsgruppa med varapersonar har hatt to møter på kommunehuset, og har no jobba fram eit felles høyringsinnspel til saka. Dette ligg no inne i framlegget til vedtak.

Vurdering

Rådmannen viser til høyringsinnspelet. Så snart faglege rapportar og kart ligg føre vil administrasjonen senda dette over til OED i egne følgjebrev.

Konklusjon

Det vert vist til høyringsinnspelet frå den politiske arbeidsgruppa.

Formannskapet - 042/2019

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) sette fram følgjande presisering i framlegg til vedtak:

Det er lagt inn to punkt (1 og 2) ved å flytte på to setningar:

Andre setning i andre avsnitt utgjør punkt 1:

Masfjorden kommune seier nei til å ha vindkraft i Nordhordland og Gulen, og ber om at OED tek heile område 18 ut av endeleg rammeplan

Andre setning (litt forandret) i kulepunkt tre utgjør punkt 2:

Masfjorden kommune kjem ikkje til å dispensera frå arealdelen til kommuneplanen ved ein eventuell konsesjonssøknad

Forandring i første setning i tredje avsnitt: ordet «tilbakeviser» byttes ut mot «er sterkt usamd i»

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til tilleggstekst:

Mk er kritisk til prosessen med utarbeiding av den nasjonale rammeplanen for vindkraft på land. Høyring i okt. 2018 var i svært liten grad tatt omsyn til, og NVE la vekt på nasjonale og nokre regionale verdivurderingar. MK krev at det lokaldemokratiske høyringsinnspillet vert tungt vektlagt i det vidare arbeidet.

Framlegg til vedtak - med endringa frå KrF og Ap - vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Masfjorden kommunestyre kjem med dette med fråsegn til NVE sitt forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land, slik den er vist i NVE rapport dagsett 1. april 2019.

NVE har i sitt framlegg peikt ut 13 område som vert definert som mest eigna områda for vindkraft, og på side 164 i rapporten er midtre del av område 18 med namnet Nordhordland og Gulen kome med.

Masfjorden kommune gjev følgjande uttale:

- 1. Masfjorden kommune seier nei til å ha vindkraft i Nordhordland og Gulen, og ber om at OED tek heile område 18 ut av endeleg rammeplan.**
- 2. Masfjorden kommune kjem ikkje til å dispensere frå arealdelen til kommuneplanen ved ein eventuell konsesjonssøknad.**

Kommunestyret er sterkt usamd i at området i Masfjorden og Gulen er lite konfliktfullt. Dette området er ikkje godt eigna til vindkraftutbygging, med følgjande grunngjeving:

- Naturen som ikkje er utbygd eller lite utbygd i Masfjorden, er av så stor lokal, regional og nasjonal verdi for friluftsliv og reiseliv, at den ikkje bør byggjast ut til vindkraftformål. Her må spesielt Fjonfjella vest for Romarheimsdalen, Stordalen/ Kringla – området, og fjellområdet vest for Ynesdalsvassdraget; Myrdalen, utmarka til Tangedalen og Rambjørg nemnast. Resten av området er mjuke og harde eksklusjonar og ikkje eigna for utbygging. Masfjorden har med det ingen restområder igjen som kan regulerast til vindkraftutbygging.
- Topografien i Masfjorden er svært kupert og ikkje eigna til å etablere vegar og oppstillingsplassar for vindmøller i store deler av dette arealet. Inngrepa i landskap vil verte for store.
- Kommunen har nyleg vedteke ein kommuneplan som ikkje opnar for vindkraft, der mesteparten av fjell- og utmarksområda er lagt ut til LNF-område.

For lokalbefolkninga er utmarka ein ressurs i friluftssamanheng og grunnlag for ivaretaking av folkehelsa, noko som statistikken til fjelltrimmen og idrettslaga i kommunen med meir syner med svært mange brukarar. *Det vert vist til rapport/kart av juni 2019: «Kartlegging og verdsetting av*

- Det føreslåtte området ligg nært opp til det folkerike området i og ved Bergen og omland, og det er difor svært mange brukarar av våre fjell- og utmarksområde.
- I det planlagde Biosfæreområdet i Nordhordland skal lokal forankring vera sentral for forvaltninga, og det vil vera eit brot på dette prinsippet om ein gjennom energilova køyrer over den lokale motstanden mot vindkraft i Nordhordland og Gulen, som er i klart fleirtal i kommunestyra i både Masfjorden, Gulen og Lindås kommune.
- Artsmangfaldet, knytt til naturtypar, fugl og vilt er stort innanfor området, som ligg i ein fjell, kyst- og fjordregion med mange ulike biotopar og der eit mangfald av naturtypar er veldokumentert. Det vert vist til vedlagde MVA – rapport 3/2003 Naturtypar i Masfjorden og MVA rapport 10/2003 Viltet i Masfjorden. *Eigen rapport «Vurdering av sårbare fuglearter i NVE vindkraftområde 18 – Masfjorden og Gulen kommune – fase 1» er under utarbeiding og vil verta ettersendt.*
- Landskapet med Sognefjorden i nord, og Masfjorden og Fensfjorden i sør og vest er unikt, og topografien er krevjande og eksponering i fjordlandskapet og i terrenget vil verta svært stor om det kjem vindkraft i desse områda. Sognefjorden er innseglinga til verdsarven vår ”Vestnorsk fjordlandskap», i Nærøyfjorden.
- Det er mange kulturlandskap og kulturminne av stølsmiljø, både i Stordalen, Matresfjella, Fjonfjella, og i influensområdet til Ynesdalsvassdraget, som vil verta øydelagt av ei vindkraftutbygging. Stølsmiljøa har stor verdi som kulturminne og er godt ivaretekne.
- Bjørn West historia knytt til denne delen av Nordhordland har stor historisk verdi og av nasjonal interesse. Mange minner er knytt til kampane som skjedde i fjellområda rundt Stordalen, Kringelbotn og i Matresfjella under den 2. verdskrigen. Det siste slaget/kampane under den 2. verdskrigen i Nord-Europa var i desse fjellområda. (Klavefjellet m fl.) Til minne om motstandsgruppa Bjørn West, deira falne og deira sin innsats i desse fjella vart det i 1985 oppretta ein turmarsj. Denne marsjen har seinare gjeve årleg i Bjørn West sine fotspor med opp mot 800 deltakarar. Bjørn West historia vert i dag og formidla på Matre gjennom Bjørn West museet.
- Friluftslivskartlegginga som er gjort (sjå vedlegg), dokumenter at fjell- og kystområda i både Masfjorden, Gulen, Høyanger, og Lindås har store friluftsiinteresser knytt til seg. Stordalen er ein sentral inngangsport til Stølsheimen, med merka DNT-turstiar til Vardadalsbu, Nordalshytta, Skavlabu, og Fjellvassbu. Sentralt i Fjonfjella/ Masfjordfjella ligg Kalvedalshytta, alle turlagshyttene høyrer til Nordhordland Turlag/ Bergen og Hordaland Turlag. Det vert lagt ved turkart som dokumenterer dette.
- Utøving av jakt, fiske, og naturbasert reiseliv i Nordhordland og i Sogn vil i stor grad verte sterkt påverka. Nautesund camping, Stordalen fjellstove, Stordalen skisenter, leirskulen i Dyrkolbotn, lakse- og sjøaureførande vassdrag, samt over 300 hytter/ hyttetomter berre i Stordalen viser at både fjell og kystområda i Masfjorden og Gulen har stor verdi for mange brukarar og næringsinteresser.
- Særskilt områda rundt Stordalen og Verkland er av stor lokal- og regional verdi for skiutfart, og er i stor utstrekning nytta av lokalbefolkninga i Masfjorden og Gulen, samt tilreisande frå Nordhordland og frå Bergensområdet. Eit landskap med vindmøller vil øydeleggje dette med både støy, visuell landskapsoppleving og risiko for iskasting.
- Fleire intakte kultur og naturlandskap av høg verdi ligg innanfor det føreslåtte området Nordhordland og Gulen. Ein vil her spesielt vise til kartlegginga av inngrepsfrie naturområde (INON), samt verneplan for vassdrag og fleire naturreservat i dei ytre områda.

Dei to verna vassdraga er Ynnesdalsvassdraget og Eikefetvassdraget (sjå kart).

- Miljødirektoratet har i brev/ rapport til Klima- og Miljøverndepartementet dagsett mai 2019, føreslått i kategori nasjonalpark, at cirka 129 km² av fjellområdet sør for Masfjorden (Fjonfjella) vert verna. Dette området kan då inngå i ein framtidig ny nasjonalparkplan i følgje Miljødirektoratet. Fjonfjella utgjer det største inngrepsfrie naturområdet i ytre deler av Hordaland.
- Tålegrensa for kraftutbygging i Masfjorden er nådd, sidan mange vassdrag er regulert i Masfjorden kommune, med mange høgspenlinjer og transformatorstasjonar på kryss og tvers. Den samla belastninga, også under utbyggingsperiodane, er svært stor. Det er nettopp bygd ny 420 kV-linje frå Modalen til Mongstad. Vindkraft vil medføra store naturinngrep og bruk av store køyretøy/maskiner i ein utbyggingsfase og i samband med vedlikehald i etterkant.

I kommunane Masfjorden og Gulen betyr det mykje for bukvaliteten og for folkehelsa, at det er god tilgang på stille og fredelige naturområde utan inngrep og tekniske installasjonar. Denne viktige livskvaliteten vil verta forringa i vesentleg grad om det kjem vindkraftutbygging i område 18. Kommunestyret ber om at OED merkar seg innhaldet i vedlagde brev sendt frå kommunen til NVE den 11.10.2018, som i klartekst skildrar våre område nærmare, og at dette faktagrunnlaget vert vektlagt tyngre i det vidare arbeidet med nasjonal rammeplan.

Vidare er det ein kjensgjerning at innbyggjarar våre nyttar fjell og naturområda svært mykje til rekreasjon, jakt og fiske, og at område 18 vert svært mykje nytta av tilreisande frå nabokommunane Lindås, Austrheim, Gulen, Meland, Radøy og Bergen. Områda som høyrer til område **Nordhordland og Gulen** i planen har difor stor verdi både som område for dagsturar, og for lengre fjellturar for svært mange innbyggjarar i regionen Vestland.

Mk er kritisk til prosessen med utarbeiding av den nasjonale rammeplanen for vindkraft på land. Høyring i okt. 2018 var i svært liten grad tatt omsyn til, og NVE la vekt på nasjonale og nokre regionale verdivurderingar. MK krev at det lokaldemokratiske høyringsinnspillet vert tungt vektlagt i det vidare arbeidet.

Avslutningsvis vil kommunestyret i Masfjorden gje til kjenne at ein støttar ekskluderinga av alle områda som er gjort i den nasjonale rammeplanen i Nordhordland og Gulen innanfor analyseområde 18, og at ein meiner at desse eksklusjonane er godt grunngjeve. Vidare meiner kommunestyret at også alle restområda burde vore ekskludert, sidan topografien i våre område er krevjande med mykje ulendt terreng, og fordi dei ikkje ekskluderte områda er svært avgrensa i storleik. Det betyr at for dei fleste av dei attverande område, vil vindkraftutbygging medføra store inngrep i høve til mengde kraftproduksjon området kan gje.

Konklusjon:

Masfjorden har bidrege med store kraftutbyggingar i desse fjellområda. Likevel ligg der ein god del urørd natur att. Denne vil i stor grad bli utbygd og øydelagd med den føreslåtte vindkraftutbygginga. Ein snakkar då om eit industriområde i den vakre fjellheimen vår.

Dei store kultur, natur- og friluftsverdiane er av stor betydning for livskvaliteten for innbyggjarane i Masfjorden, samt viktige bruksinteresser knytt til busetnad, reiseliv, drikkevatt, jakt og fiske med vidare vil medføra svært store konflikhtar om ikkje rammeplanen for vindkraft vert endra.

Kommunestyret forventar at OED lyttar til vår fråsegn, og tek ut heile område 18 **Nordhordland og Gulen** av rammeplanen.

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Torill Torsik Størkersen (Ap) la fram følgjande framlegg til endring:

I slutten av 1. avsnitt i grunngjevinga:

- Det vert vist til vedlagt kart, samt presentasjon vist på innspelsmøte på Flesland 23.05.19

Avsnitt i konklusjonen:

- ta bort eit industriområde i siste setning og legg til industriområder, slik at setningen blir:
"Ein snakkar då om industriområder i den vakre fjellheimen vår."
 - Innbyggarane i Masfjorden seier tydeleg i frå at dei ikkje ynskjer vindkraftutbygging og at området 18 må takast ut, med innlevert 1007 underskrifter.

Bjørn Egil Nordland (Ap) la fram følgjande framlegg til forslag:

- Masfjorden kommune er positive til ei viss utbyggjing av vindkraft i vår kommune.
- Utbyggjinga skal skje på ein kontrollert måte innanfor avgrensa område t.d dei områda som no er omsøkt og event. andre der ein kan ha ei konsentrert utbyggjing.
- Kommunen arbeider for at dei områda som no er planlagt utbygd, kjem innanfor område som kan byggjast ut.

John Torsvik (H) la fram følgjande framlegg til endring:

siste kulepunkt:

- Den samla Kraftutbygginga i Masfjorden er svært stor. Mange vassdrag er regulert, høgspenlinjer og transformatorstasjonar er bygd. Vindkraft vil medføra store naturinngrep og bruk av store kjøretøy/maskinar både i utbyggingsfasen og ved vedlikehald i etterkant.

Geir Egil Haugvær (Sp) sette fram eit forslag om å utsette saka til neste kommunestyremøte.

Det vart røysta over utsettingsforlaget frå Sp. Forlaget fall mot to røyster (Sp)

Møtet vart heva og arbeidsgruppa samla seg for å utarbeide ein sams uttale basert på innspela tidlegare i møtet.

Møtet vart sett og leiar i arbeidsgruppa Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram arbeidsgruppa sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre kjem med dette med fråsegn til NVE sitt forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land, slik den er vist i NVE rapport dagsett 1. april 2019.

NVE har i sitt framlegg peikt ut 13 område som vert definert som mest eigna områda for vindkraft, og på side 164 i rapporten er midtre del av område 18 med namnet Nordhordland og Gulen kome med.

Masfjorden kommune gjev følgjande uttale:

1. **Masfjorden kommune seier nei til å ha vindkraft i Nordhordland og Gulen, og ber om at OED tek heile område 18 ut av endeleg rammeplan.**
- 2.
3. **Masfjorden kommune kjem ikkje til å dispensere frå arealdelen til kommuneplanen ved ein eventuell konsesjonsøknad.**

Kommunestyret er sterkt usamd i at området i Masfjorden og Gulen er lite konfliktfullt. Dette

området er ikkje godt eigna til vindkraftutbygging, med følgjande grunngeving:

- Naturen som ikkje er utbygd eller lite utbygd i Masfjorden, er av så stor lokal, regional og nasjonal verdi for friluftsliv og reiseliv, at den ikkje bør byggjast ut til vindkraftformål. Her må spesielt Fjonfjella vest for Romarheimsdalen, Stordalen/ Kringla – området, og fjellområdet vest for Ynnesdalsvassdraget; Myrdalen, utmarka til Tangedalen og Rambjørg nemnast. Resten av området er mjuke og harde eksklusjonar og ikkje eigna for utbygging. Masfjorden har med det ingen restområder igjen som kan regulerast til vindkraftutbygging. Det vert vist til vedlagt kart, samt presentasjon vist på innspelsmøte på Flesland 23.05.19
- Topografien i Masfjorden er svært kupert og ikkje eigna til å etablere vegar og oppstillingsplassar for vindmøller i store deler av dette arealet. Inngrepa i landskap vil verte for store. Masser frå store utsprengingar og tunnelinngrep, samt store skjæringar vil medføra store landskapsendringar.
- Kommunen har nyleg vedteke ein kommuneplan som ikkje opnar for vindkraft, der mesteparten av fjell- og utmarksområda er lagt ut til LNF-område.

For lokalbefolkninga er utmarka ein ressurs i friluftssamanheng og grunnlag for ivaretaking av folkehelsa, noko som statistikken til fjelltrimmen og idrettslaga i kommunen med meir syner med svært mange brukarar. *Det vert vist til rapport/kart av juni 2019: «Kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Masfjorden kommune.»*

- Det føreslåtte området ligg nært opp til det folkerike området i og ved Bergen og omland, og det er difor svært mange brukarar av våre fjell- og utmarksområde.
- I det nyutnemde Biosfæreområdet i Nordhordland (det einaste i Norge) skal lokal forankring vera sentral for forvaltninga, og det vil vera eit brot på dette prinsippet om ein gjennom energilova køyrer over den lokale motstanden mot vindkraft i Nordhordland og Gulen, som er i klart fleirtal i kommunestyra i både Masfjorden, Gulen og Lindås kommune.
- Artsmangfaldet, knytt til naturtypar, fugl og vilt er stort innanfor området, som ligg i ein fjell, kyst- og fjordregion med mange ulike biotopar og der eit mangfald av naturtypar er veldokumentert. Det vert vist til vedlagde MVA – rapport 3/2003 Naturtypar i Masfjorden og MVA rapport 10/2003 Viltet i Masfjorden. *Eigen rapport «Vurdering av sårbare fuglearter i NVE vindkraftområde 18 – Masfjorden og Gulen kommune – fase 1» er under utarbeiding og vil verta ettersendt. Det vert vist til naturmangfaldslova om samla belastning.*
- Landskapet med Sognefjorden i nord, og Masfjorden og Fensfjorden i sør og vest er unikt, og topografien er krevjande og eksponering i fjordlandskapet og i terrenget vil verta svært stor om det kjem vindkraft i desse områda. Sognefjorden er innseglinga til verdsarven vår "Vestnorsk fjordlandskap», i Nærøyfjorden.
- Det er mange kulturlandskap og kulturminne av stølsmiljø, både i Stordalen, Matresfjella, Fjonfjella, og i influensområdet til Ynnesdalsvassdraget, som vil verta øydelagt av ei vindkraftutbygging. Stølsmiljøa har stor verdi som kulturminne og er godt ivaretekne. Det vert vist til kulturminnelova.
- Bjørn West historia knytt til denne delen av Nordhordland har stor historisk verdi og av nasjonal interesse. Mange minner er knytt til kampane som skjedde i fjellområda rundt Stordalen, Kringlebotn og i Matresfjella under den 2 verdskrigen. Det siste slaget/kampane under den 2. verdskrigen i Nord-Europa var i desse fjellområda. (Klavefjellet m fl.) Til

minne om motstandsgruppa Bjørn West, deira falne og deira sin innsats i desse fjella vart det i 1983 oppretta ein turmarsj. Denne marsjen har seinare gått årleg i Bjørn West sine fotspor med opp mot 800 deltakarar. Bjørn West historia vert i dag og formidla på Matre gjennom Bjørn West museet.

- Friluftslivskartlegginga som er gjort (sjå vedlegg), dokumenter at fjell- og kystområda i både Masfjorden, Gulen, Høyanger, og Lindås har store friluftsinnteresser knytt til seg. Stordalen er ein sentral inngangsport til Stølsheimen, med merka DNT-turstiar til Vardadalsbu, Nordalshytta, Skavlabu, og Fjellvassbu. Sentralt i Fjonfjella/ Masfjordfjella ligg Kalvedalshytta, alle turlagshyttene høyrer til Nordhordland Turlag/ Bergen og Hordaland Turlag. Det vert lagt ved turkart som dokumenterer dette.
- Utøving av jakt, fiske, og naturbasert reiseliv i Nordhordland og i Sogn vil i stor grad verte sterkt påverka. Nautesund camping, Stordalen fjellstove, Stordalen skisenter, leirskulen i Dyrkolbotn, lakse- og sjøaureførande vassdrag, samt over 300 hytter/ hyttetomter berre i Stordalen viser at både fjell og kystområda i Masfjorden og Gulen har stor verdi for mange brukarar og næringsinteresser.
- Særskilt områda rundt Stordalen og Verkland er av stor lokal- og regional verdi for skiutfart, og er i stor utstrekning nytta av lokalbefolkninga i Masfjorden og Gulen, samt tilreisande frå Nordhordland og frå Bergensområdet. Eit landskap med vindmøller vil øydeleggje dette med både støy, visuell landskapsoppleving og risiko for iskasting.
- Fleire intakte kultur og naturlandskap av høg verdi ligg innanfor det føreslåtte området Nordhordland og Gulen. Ein vil her spesielt vise til kartlegginga av inngrepsfrie naturområde (INON), samt verneplan for vassdrag og fleire naturreservat i dei ytre områda. Dei to verna vassdraga er Ynnesdalsvassdraget og Eikefetvassdraget (sjå kart).
- Miljødirektoratet har i brev/ rapport til Klima- og Miljøverndepartementet dagsett mai 2019, føreslått i kategori nasjonalpark, at cirka 129 km² av fjellområdet sør i Masfjorden (Fjonfjella) vert verna. Dette området kan då inngå i ein framtidig ny nasjonalparkplan i følgje Miljødirektoratet. Fjonfjella utgjer det største inngrepsfrie naturområdet i ytre deler av Hordaland.

Den samla Kraftutbygginga i Masfjorden er svært stor. Mange vassdrag er regulert, høgspenlinjer og transformatorstasjonar er bygd. Det er nettopp bygd ny 420 kV-linje frå Modalen til Mongstad. Vindkraft vil medføra store naturinngrep og bruk av store kjøretøy/maskinar både i utbyggingsfasen og ved vedlikehald i etterkant.

I kommunane Masfjorden og Gulen betyr det mykje for bukvaliteten og for folkehelsa, at det er god tilgang på stille og fredelige naturområde utan inngrep og tekniske installasjonar. Denne viktige livskvaliteten vil verta forringa i vesentleg grad om det kjem vindkraftutbygging i område 18.

Kommunestyret ber om at OED merkar seg innhaldet i vedlagde brev sendt frå kommunen til NVE den 11.10.2018, som i klartekst skildrar våre område nærmare, og at dette faktagrunnlaget vert vektlagt tyngre i det vidare arbeidet med nasjonal rammeplan.

Vidare er det ein kjensgjerning at innbyggjarar våre nyttar fjell og naturområda svært mykje til rekreasjon, jakt og fiske, og at område 18 vert svært mykje nytta av tilreisande frå nabokommunane Lindås, Austrheim, Gulen, Meland, Radøy og Bergen. Områda som høyrer til område **Nordhordland og Gulen** i planen har difor stor verdi både som område for dagsturar, og for lengre fjellturar for svært mange innbyggjarar i regionen Vestland.

Masfjorden kommune er kritisk til prosessen med utarbeiding av den nasjonale rammeplanen for vindkraft på land. Høyringa i okt. 2018 vart i svært liten grad tatt omsyn til, og NVE la vekt på nasjonale og nokre regionale verdivurderingar. Masfjorden kommune krev at det lokaldemokratiske høyringsinnspillet vert tungt vektlagt i det vidare arbeidet.

Avslutningsvis vil kommunestyret i Masfjorden gje til kjenne at ein støttar ekskluderinga av alle områda som er gjort i den nasjonale rammeplanen i Nordhordland og Gulen innanfor analyseområde 18, og at ein meiner at desse eksklusjonane er godt grunngeve. Vidare meiner kommunestyret at også alle restområda burde vore ekskludert, sidan topografien i våre område er krevjande med mykje ulendt terreng, og fordi dei ikkje ekskluderte områda er svært avgrensa i storleik. Det betyr at for dei fleste av dei attverande område, vil vindkraftutbygging medføra store inngrep i høve til mengde kraftproduksjon området kan gje.

Konklusjon:

Masfjorden har bidrege med store kraftutbyggingar i desse fjellområda. Likevel ligg der ein god del urørd natur att. Denne vil i stor grad bli utbygd og øydelagd med den føreslåtte vindkraftutbygginga. Ein snakkar då om industriområder i den vakre fjellheimen vår.

Dei store kultur, natur- og friluftsverdiane er av stor betydning for livskvaliteten for innbyggjarane i Masfjorden, samt viktige bruksinteresser knytt til busetnad, reiseliv, drikkevatn, jakt og fiske med vidare vil medføra svært store konflikhtar om ikkje rammeplanen for vindkraft vert endra.

Kommunestyret forventar at OED lyttar til vår fråsegn, og tek ut heile område 18 **Nordhordland og Gulen** av rammeplanen.

Innbyggjarane i Masfjorden seier tydeleg i frå at dei ikkje ynskjer vindkraftutbygging og at området 18 må takast ut, med innlevert 1007 underskrifter dagsett 24. juni 2019.

Røysting:

Framlegget frå arbeidsgruppa og framlegget frå Bjørn Egil Nordland (Ap) vart røysta opp mot kvarandre. Framlegget frå Arbeidsgruppa vart vedteke mot 1 røyst (Bjørn Egil Nordland).

KS - vedtak:

Masfjorden kommunestyre kjem med dette med fråsegn til NVE sitt forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land, slik den er vist i NVE rapport dagsett 1. april 2019.

NVE har i sitt framlegg peikt ut 13 område som vert definert som mest eigna områda for vindkraft, og på side 164 i rapporten er midtre del av område 18 med namnet Nordhordland og Gulen kome med.

Masfjorden kommune gjev følgjande uttale:

1. **Masfjorden kommune seier nei til å ha vindkraft i Nordhordland og Gulen, og ber om at OED tek heile område 18 ut av endeleg rammeplan.**
- 2.
3. **Masfjorden kommune kjem ikkje til å dispensere frå arealdelen til kommuneplanen ved ein eventuell konsesjonsøknad.**

Kommunestyret er sterkt usamd i at området i Masfjorden og Gulen er lite konfliktfullt. Dette området er ikkje godt eigna til vindkraftutbygging, med følgjande grunngeving:

- Naturen som ikkje er utbygd eller lite utbygd i Masfjorden, er av så stor lokal, regional og nasjonal verdi for friluftsliv og reiseliv, at den ikkje bør byggjast ut til vindkraftformål. Her må spesielt Fjonfjella vest for Romarheimsdalen, Stordalen/ Kringla – området, og fjellområdet vest for Ynnesdalsvassdraget; Myrdalen, utmarka til Tangedalen og Rambjørg nemnast. Resten av området er mjuke og harde eksklusjonar

og ikkje eigna for utbygging. Masfjorden har med det ingen restområder igjen som kan regulerast til vindkraftutbygging. Det vert vist til vedlagt kart, samt presentasjon vist på innspelsmøte på Flesland 23.05.19

- Topografien i Masfjorden er svært kupert og ikkje eigna til å etablere vegar og oppstillingsplassar for vindmøller i store deler av dette arealet. Inngrepa i landskap vil verte for store. Masser frå store utsprengingar og tunnelinngrep, samt store skjæringar vil medføra store landskapsendringar.
- Kommunen har nyleg vedteke ein kommuneplan som ikkje opnar for vindkraft, der mesteparten av fjell- og utmarksområda er lagt ut til LNF-område.

For lokalbefolkninga er utmarka ein ressurs i friluftssamanheng og grunnlag for ivaretaking av folkehelsa, noko som statistikken til fjelltrimmen og idrettslaga i kommunen med meir syner med svært mange brukarar. *Det vert vist til rapport/kart av juni 2019: «Kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Masfjorden kommune.»*

- Det føreslåtte området ligg nært opp til det folkerike området i og ved Bergen og omland, og det er difor svært mange brukarar av våre fjell- og utmarksområde.
- I det nyutnemde Biosfæreområdet i Nordhordland (det einaste i Norge) skal lokal forankring vera sentral for forvaltninga, og det vil vera eit brot på dette prinsippet om ein gjennom energilova køyrer over den lokale motstanden mot vindkraft i Nordhordland og Gulen, som er i klart fleirtal i kommunestyra i både Masfjorden, Gulen og Lindås kommune.
- Artsmangfaldet, knytt til naturtypar, fugl og vilt er stort innanfor området, som ligg i ein fjell, kyst- og fjordregion med mange ulike biotopar og der eit mangfald av naturtypar er veldokumentert. Det vert vist til vedlagde MVA – rapport 3/2003 Naturtypar i Masfjorden og MVA rapport 10/2003 Viltet i Masfjorden. *Eigen rapport «Vurdering av sårbare fuglearter i NVE vindkraftområde 18 – Masfjorden og Gulen kommune – fase 1» er under utarbeiding og vil verta ettersendt. Det vert vist til naturmangfaldslova om samla belastning.*
- Landskapet med Sognefjorden i nord, og Masfjorden og Fensfjorden i sør og vest er unikt, og topografien er krevjande og eksponering i fjordlandskapet og i terrenget vil verta svært stor om det kjem vindkraft i desse områda. Sognefjorden er innseglinga til verdsarven vår "Vestnorsk fjordlandskap», i Nærøyfjorden.
- Det er mange kulturlandskap og kulturminne av stølsmiljø, både i Stordalen, Matresfjella, Fjonfjella, og i influensområdet til Ynesdalsvassdraget, som vil verta øydelagt av ei vindkraftutbygging. Stølsmiljøa har stor verdi som kulturminne og er godt ivaretekne. Det vert vist til kulturminnelova.
- Bjørn West historia knytt til denne delen av Nordhordland har stor historisk verdi og av nasjonal interesse. Mange minner er knytt til kampane som skjedde i fjellområda rundt Stordalen, Kringlebotn og i Matresfjella under den 2 verdskrigen. Det siste slaget/kampane under den 2. verdskrigen i Nord-Europa var i desse fjellområda. (Klavefjellet m fl.) Til minne om motstandsgruppa Bjørn West, deira falne og deira sin innsats i desse fjella vart det i 1983 oppretta ein turmarsj. Denne marsjen har seinare gått årleg i Bjørn West sine fotspor med opp mot 800 deltakarar. Bjørn West historia vert i dag og formidla på Matre gjennom Bjørn West museet.
- Friluftslivskartlegginga som er gjort (sjå vedlegg), dokumenter at fjell- og kystområda i både Masfjorden, Gulen, Høyanger, og Lindås har store friluftsiinteresser knytt til seg. Stordalen

er ein sentral inngangsport til Stølsheimen, med merka DNT-turstiar til Vardadalsbu, Nordalshytta, Skavlabu, og Fjellvassbu. Sentralt i Fjonfjella/ Masfjordfjella ligg Kalvedalshytta, alle turlagshyttene høyrer til Nordhordland Turlag/ Bergen og Hordaland Turlag. Det vert lagt ved turkart som dokumenterer dette.

- Utøving av jakt, fiske, og naturbasert reiseliv i Nordhordland og i Sogn vil i stor grad verte sterkt påverka. Nautesund camping, Stordalen fjellstove, Stordalen skisenter, leirskulen i Dyrkolbotn, lakse- og sjøaureførande vassdrag, samt over 300 hytter/ hyttetomter berre i Stordalen viser at både fjell og kystområda i Masfjorden og Gulen har stor verdi for mange brukarar og næringsinteresser.
- Særskilt områda rundt Stordalen og Verkland er av stor lokal- og regional verdi for skiutfart, og er i stor utstrekning nytta av lokalbefolkninga i Masfjorden og Gulen, samt tilreisande frå Nordhordland og frå Bergensområdet. Eit landskap med vindmøller vil øydeleggje dette med både støy, visuell landskapsoppleving og risiko for iskastning.
- Fleire intakte kultur og naturlandskap av høg verdi ligg innanfor det føreslåtte området Nordhordland og Gulen. Ein vil her spesielt vise til kartlegginga av inngrepsfrie naturområde (INON), samt verneplan for vassdrag og fleire naturreservat i dei ytre områda. Dei to verna vassdraga er Ynesdalsvassdraget og Eikefetvassdraget (sjå kart).
- Miljødirektoratet har i brev/ rapport til Klima- og Miljøverndepartementet dagsett mai 2019, føreslått i kategori nasjonalpark, at cirka 129 km² av fjellområdet sør i Masfjorden (Fjonfjella) vert verna. Dette området kan då inngå i ein framtidig ny nasjonalparkplan i følgje Miljødirektoratet. Fjonfjella utgjer det største inngrepsfrie naturområdet i ytre deler av Hordaland.

Den samla Kraftutbygginga i Masfjorden er svært stor. Mange vassdrag er regulert, høgspentlinjer og transformatorstasjonar er bygd. Det er nettopp bygd ny 420 kV-linje frå Modalen til Mongstad. Vindkraft vil medføra store naturinngrep og bruk av store kjøretøy/maskinar både i utbyggingsfasen og ved vedlikehald i etterkant.

I kommunane Masfjorden og Gulen betyr det mykje for bukvaliteten og for folkehelsa, at det er god tilgang på stille og fredelige naturområde utan inngrep og tekniske installasjonar. Denne viktige livskvaliteten vil verta forringa i vesentleg grad om det kjem vindkraftutbygging i område 18. Kommunestyret ber om at OED merkar seg innhaldet i vedlagde brev sendt frå kommunen til NVE den 11.10.2018, som i klartekst skildrar våre område nærmare, og at dette faktagrunnlaget vert vektlagt tyngre i det vidare arbeidet med nasjonal rammeplan.

Vidare er det ein kjensgjerning at innbyggjarar våre nyttar fjell og naturområda svært mykje til rekreasjon, jakt og fiske, og at område 18 vert svært mykje nytta av tilreisande frå nabokommunane Lindås, Austrheim, Gulen, Meland, Radøy og Bergen. Områda som høyrer til område **Nordhordland og Gulen** i planen har difor stor verdi både som område for dagsturar, og for lengre fjellturar for svært mange innbyggjarar i regionen Vestland.

Masfjorden kommune er kritisk til prosessen med utarbeiding av den nasjonale rammeplanen for vindkraft på land. Høyringa i okt. 2018 vart i svært liten grad tatt omsyn til, og NVE la vekt på nasjonale og nokre regionale verdivurderingar. Masfjorden kommune krev at det lokaldemokratiske høyringsinnspillet vert tungt vektlagt i det vidare arbeidet.

Avslutningsvis vil kommunestyret i Masfjorden gje til kjenne at ein støttar ekskluderinga av alle områda som er gjort i den nasjonale rammeplanen i Nordhordland og Gulen innanfor analyseområde 18, og at ein meiner at desse eksklusjonane er godt grunngjeve. Vidare meiner kommunestyret at også alle restområda burde vore ekskludert, sidan topografien i våre område er krevjande med mykje ulendt terreng, og fordi dei ikkje ekskluderte områda er svært avgrensa i storleik. Det betyr at for dei

Møtebok Masfjorden kommunestyre Møte nr. 4, 24.06.19 Side 17 av 58

fleste av dei attverande område, vil vindkraftutbygging medføra store inngrep i høve til mengde kraftproduksjon området kan gje.

Konklusjon:

Masfjorden har bidrege med store kraftutbyggingar i desse fjellområda. Likevel ligg der ein god del urørd natur att. Denne vil i stor grad bli utbygd og øydelagd med den føreslåtte vindkraftutbygginga. Ein snakkar då om industriområder i den vakre fjellheimen vår.

Dei store kultur, natur- og friluftsverdiane er av stor betydning for livskvaliteten for innbyggjarane i Masfjorden, samt viktige bruksinteresser knytt til busetnad, reiseliv, drikkevatn, jakt og fiske med vidare vil medføra svært store konflikhtar om ikkje rammeplanen for vindkraft vert endra.

Kommunestyret forventar at OED lyttar til vår fråsegn, og tek ut heile område 18 **Nordhordland og Gulen** av rammeplanen.

Innbyggjarane i Masfjorden seier tydeleg i frå at dei ikkje ynskjer vindkraftutbygging og at området 18 må takast ut, med innlevert 1007 underskrifter dagsett 24. juni 2019.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Viktor Ellingbø	FE-210	19/388

Saknr	Utval	Type	Dato
047/2019	Formannskapet	PS	17.06.2019
032/2019	Kommunestyret	PS	24.06.2019

Økonomisk rapportering - 1.tertial 2019

Vedlegg:

Journalposttittel

Budsjettskjema 1A og 1B

Dato

14.06.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Driftsbudsjett 2019 endrast i samsvar med vedlagte budsjettskjema 1A og 1B.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmannen skal ut frå budsjettforskrifta gjennom budsjettåret leggja fram rapportar for kommunestyret som syner utviklinga i inntekter og utgifter. Frå økonomireglementet for Masfjorden kommune går det fram at det skal rapporterast minimum to gongar i budsjettåret, etter 1. og 2. tertial. I tillegg til dette skal rådmannen utan ugrunna opphald gje formannskapet viktig informasjon som kan ha innverknad på kommuneøkonomien på kort og lengre sikt.

På bakgrunn av rekneskapstal og reviderte prognosar per april, er det gjort ei vurdering av korleis ein kjem i hamn i høve til 2019 budsjettet ved årsslutt. Det heftar generelt noko usikkerhet rundt prognosane og ein ser framleis ein forbedringspotensiale i organiseringa av rekneskapsstrukturen etter sist omlegging til felles IKT/økonomisystem. Leiar for økonomifunksjonen blir i full stilling frå juli og en planlegg med ein meir detaljert vurdering ved neste rapportering, andre tertial 2019.

Det blir samla sett forventta driftsmesseg balanse ved utgangen av budsjettåret. Einskilde avdelingar har meldt avvik, og administrasjonen jobbar med å identifisera og setje i verk tiltak som kan oppretthalde balansen. Det forventast at dette arbeidet gjev resultat utover sommaren/hausten. Administrasjonen kjem tilbake med ein ny vurdering ved neste tertialrapportering for å skape eit betre samsvar mellom budsjett og forventta resultat i einingane. Det tilrådest difor at netto meirinntekt på 0,7 mill. blir avsett til disposisjonsfond i påvente av ny vurdering i andre tertial.

Det følgjer vedlagt til saka budsjettskjema for drift (1A og 1B). Det er ingen endringar i investeringsbudsjettet sidan K sak 011/2019, og budsjettskjema 2A og 2B knytt til investeringar følgjer difor ikkje vedlagt denne saka. Status for dei ulike avdelingane er nærare kommentert under.

FRIE DISPONIBLE INNTEKTER

Posten omfattar skatt på inntekt og formue, naturressursskatt, eige-domsskatt, statlige rammeoverføringar, konsesjonsavgift, utbetnings- og kompensasjonstilskot frå Husbanken, integreringstilskot knytt til flyktningar, midlar utbetalt frå Havbruksfondet og andre tilskot.

Frie disponible inntekter blir i denne saka tilrådd justert opp med 1,6 mill. til saman.

Skatt og rammetilskot

Skatteinngang eksklusiv naturressursskatt og rammetilskot ble opphavleg budsjettert med ein samla sum på 120,8 mill. Postane ble i K sak 011/2019 justert ned med til saman 0,9 mill. til 119,9 mill. Naturressursskatt er budsjettert med 11,0 mill. under posten *Andre direkte eller indirekte skatter*.

Prognose for 1.tertial nyttar KS sin prognosemodell frå 04.06.2019 som er oppdatert med tal frå Kommuneproposisjonen og revidert nasjonalbudsjett. Prognosemodellen viser sum skatt og rammetilskot i 2019 på 131,2 mill., fordelt på 77,6 mill. i rammetilskot, negativ skatteutjamning på 2,7 mill. og skatteinngang på 56,3 mill. Skatteinngangen i prognosemodellen er inklusiv naturressursskatt.

For å tilpasse budsjett 2019 til KS sin prognosemodell blir skatt på inntekt og formue og rammetilskot justert opp med til saman 0,3 mill.

Eigedomsskatt

For eigedomsskatteåret 2019 skrivar kommunen ut eigedomsskatt «berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum», jf. eigedomsskattelova (esktl.) §3 første ledd bokstav c. Utskrivingsalternativet omfattar og flyttande oppdrettsanlegg i sjø. I samsvar med overgangsregelen til esktl. §§ 3 og 4 første ledd, skrivast det ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag», berekna til 15,9 mill.

Eigedomsskatt ble opphavleg budsjettert med 19,0 mill. og i K sak 011/2019 ble posten justert opp med 0,9 mill. til 19,9 mill. Eigedomsskatt ble skriven ut innan loven sin frist og eigedomsskattelista viser ein samla inntekt på 20,5 ,mill. For å tilpasse budsjett 2019 til utskriven eigedomsskatt, blir posten justert opp med 0,6 mill.

Andre direkte eller indirekte skatter

Posten omfattar naturressursskatt (11,0 mill.) og konsesjonsavgift (2,5 mill.). Ingen endringar.

Andre generelle statstilskot

Posten omfattar blant anna tilskot knytt til lærartettleik og vidareutdanning, Husbanken sin kompensasjonsordningar, integreringsmidlar, utbetalingar frå Havbruksfondet og andre prosjekttilskot. For å tilpasse budsjett 2019 til forventa innbetalingar blir posten justert opp med 0,7 mill.

NETTO FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER

Posten omfattar renteinntekter og –utgifter, utbytteinntekter og avdrag på kommunale lån utanom vidareformidlingslån (startlån). For å tilpasse budsjett 2019 til forventa resultat blir det behov å styrka netto finansområdet med 0,9 mill. Budsjettjusteringa fordeler seg som følgje:

- Renteinntekter og utbytte meirinntekt på 0,2 mill.
- Renteutgifter meirutgift på 0,1 mill.
- Avdrag på lån meirutgift på 1,0 mil.

NETTO AVSETNINGAR

Posten omfattar avsetting til både bundne og ubundne fond og bruk av tidlegare avsettingar. Disponering av rekneskapsresultatet 2018 (K sak 019/2019) er innarbeidd i vedlagte budsjettskjema 1A.

Meirinntekt før disponering til drift på 0,7 mill. er tilrådd avsett til disposisjonsfond i påvente av eit betre avgjerdsgrunnlag ved neste tertialrapportering.

FOLKEVALGTE ORGAN

Rammeområdet omfattar tenestene politisk styring og kontroll og revisjon.

Samla sett viser rekneskapstal per april 2019 balanse trass ein overforbruk knytt til godtgjørsle folkevalde. Mindreforbruket knytt til kontroll og revisjon skyldast forskjelleg periodisering i rekneskapet og budsjettet. Rammeområdet styrar mot balanse ved utgangen av budsjettåret.

ADMINISTRASJON

Rammeområdet omfattar tenester knytt til felles administrasjonstenester.

Rekneskapstal per april 2019 viser mindreforbruk knytt til lønn og meirforbruk knytt til drift i høve opphavleg budsjett. Lønn er i tabellen over nettet med inntektsførte sjuke- og fødselspengerefusjonar. Budsjettpostane avskrivningar og fordelte utgifter er postar som kjem seinare i rekneskapen, i samband med rekneskapsavslutninga. Budsjettavviket for desse er knytt til periodiseringar. Fordelte utgifter omfattar tenesteavtale med Masfjorden kyrkjelege fellesråd og IKT samarbeid. Posten refusjonar omfattar tenester som Masfjorden kommune fakturerer andre kommunar for og desse kjem i rekneskapen på eit seinare tidspunkt. Rammeområdet styrar mot balanse ved utgangen av budsjettåret.

BARNEHAGE

Rammeområdet omfattar tenestene førskule, styrka tilbod til førskulebarn og førskulelokalar og skyss. Rammeområdet styrar mot balanse ved utgangen av budsjettåret.

Samla sett viser rekneskapstal per april 2019 balanse trass ein overforbruk knytt til lønn. Noko av meirutgiftene knytt til lønn er finansiert med høgare brukarbetalingar og refusjonar. Budsjettpostane avskrivningar og fordelte utgifter er postar som kjem seinare i rekneskapen, i samband med rekneskapsavslutninga. Budsjettavviket for desse er knytt til periodiseringar. Fordelte utgifter omfattar reinhald. Rammeområdet styrar mot balanse ved utgangen av budsjettåret.

SKULE

Rammeområdet omfattar tenestene grunnskule, vaksenopplæring, skulefritidstilbod, skulelokalar, skuleskyss. Det er ikkje lenger elevar som har VGS skuletilbodet ved Nordbygda skule, og aktiviteten omfattar berre noko små laupande utgifter.

Samla sett viser rekneskapstal per april 2019 balanse trass ein overforbruk knytt til lønn og etterslep knytt til refusjonar. Rammeområdet styrar mot balanse ved utgangen av budsjettåret.

Sandnes skule melder om forventta meirforbruk knytt til lønnspostane som følge av etterslep frå tidlegare år. Tiltak i form av betre organisering av opplæringa for å minimere vikarbehovet er satt i verk. Det heftar også nokon usikkerhet knytt til refusjonspostane i årsbudsjettet for grunnskule. Desse refusjonane er meint å finansiere lønnsutgifter utover ordinær bemanning, og ein bortfall av inntektskjelda vil normalt resultere i ein tilpassing av bemanninga for å oppretthalde balansen. Avdelinga gjennomfører ein kvalitetssikring av refusjonspostane og kjem tilbake med ny vurdering i

andre tertial.

Vaksenopplæringa har hovudaktiviteten sin knytt til opplæring i norsk i introduksjonsprogrammet for flyktningar, og hentar inntekter frå staten (grunntilskot til norskopplæring) og Modalen kommune. Desse inntekta kjem seinare i rekneskapen og det er planlagt med ein tilpassing av bemanninga frå august i avdelinga.

Skulefritidstilbod viser eit samla sett meirforbruk etter første tertial. Tenesteområdet skal vere tilnærma fullfinansiert med brukarbetalingar og det forventast balanse ved utgangen av budsjettåret.

Skulelokalar viser balanse knytt til drift trass høgare straumutgifter hittil i år i høve budsjett. Budsjettpostane avskrivningar og fordelte utgifter er postar som kjem seinare i rekneskapen, i samband med rekneskapsavslutninga. Budsjettavviket for desse er knytt til periodiseringar. Fordelte utgifter omfattar reinhald.

Skuleskyss viser noko mindreforbruk i høve budsjett som delvis skyldast etterslep i faktureringen. Det forventast balanse ved utgangen av budsjettåret.

HELSE

Rammeområdet omfattar tenestene helsestasjon- og skulehelsetenesta, anna førebyggjande helsearbeid, legetenesta og ØH tilbod.

Samla sett viser rekneskapstal per april 2019 overforbruk som skyldast meirforbruk knytt til lønn og etterslep knytt til refusjonar frå andre kommunar som kjem i rekneskapen på slutten av året. Rammeområdet styrar mot balanse ved utgangen av budsjettåret.

Anna førebyggjande helsearbeid omfattar miljørette helsevern (tenestekjøp frå Lindås kommune). Mindreforbruket skyldast etterslepp i faktureringa.

Meirforbruket for legetenesta er knytt til nye og strengare krav til rettleiing og opplæring av leger under utdanning i tillegg til at fastlegen har fått fleire arbeidsoppgåver (som ikkje skapar inntekter). Brukarbetalingar og refusjonar frå kommunar og stat kjem inn på etterskot.

Øyeblikkelig hjelp døgnopphald omfattar legevaktsentral og ØH senger (tenestekjøp frå Lindås kommune). Mindreforbruk skyldast etterslepp i faktureringa.

SOSIAL OG BARNEVERN

Rammeområdet omfattar tenestene sosialt førebyggjande arbeid, barneverntenesta, barneverntiltak og sosialhjelp. Opphavleg budsjett for rammeområdet er utan innarbeidd konsekvens av samarbeidsavtalen om NAV tenester der Masfjorden kommune er vertskommune. Masfjorden kommune avventar budsjett frå de einiskilde kommunar i samarbeidet. Administrasjonen kjem tilbake i neste tertialrapportering med ein justering for aktuelle budsjettpostar for å tilpasse rammeområdet til forventa resultat frå avtalen.

Samla sett viser rekneskapstal per april 2019 overforbruk som knytt seg til både lønn og drift (inkl sosialhjelp). Meirforbruket skyldast etterslep knytt til refusjonar frå andre kommunar som er i samarbeidsavtalen om NAV tenester. Detaljbudsjettet for rammeområdet blir justert etter at budsjett frå dei einiskild kommune i samarbeidet er motteken. Rammeområdet elles styrar mot balanse ved utgangen av budsjettåret.

Barneverntenesta viser eit mindreforbruk etter 4 månader som skyldast etterslep i faktureringa for tenestane frå Gulen kommune. Same gjeld barnevernstiltak.

PLEIE OG OMSORG

Rammeområdet omfattar helse og omsorgstenester i institusjon, heimetenesta, institusjonslokalar og kommunale omsorgsbustader.

Samla sett viser rekneskapstal per april 2019 balanse. Avdelinga har meldt behov for kjøp av ekstern plass for ein brukar som kommunen ikkje har krav på refusjon av lønnsutgiftene. Avdelinga jobbar med å innhente tilbod frå fleire aktørar. Budsjettpostane avskrivningar og fordelte utgifter er postar som kjem seinare i rekneskapen, i samband med rekneskapsavslutninga. Budsjettavviket for desse er knytt til periodiseringar. Fordelte utgifter omfattar reinhald. Rammeområdet styrar mot balanse ved utgangen av budsjettåret trass utfordring rundt ressurskrevjande brukar og lågare pasientbelegg på sjukeheimen i heile 2019. Avdelinga jobbar med å justere personalet etter pasientbelegg og administrasjonen kjem tilbake med ny vurdering i andre tertial.

KULTUR

Rammeområdet omfattar aktivitetstilbod til barn og unge, bibliotek, museum, idrett og idrettsbygg, musikk- og kulturskule og andre kulturaktiviteter.

Samla sett viser rekneskapstal per april 2019 balanse. Meirforbruket i Bibliotek skyldast oppgradering av modellbiblioteket på om lag 0,3 mill. Disse utgiftene er ført i driftsrekneskapen, men er av investeringsmessig karakter og blir følgeleg ompostert. Rammeområdet styrar elles mot balanse ved utgangen av budsjettåret.

KYRKJA

Rammeområdet omfattar tilskot til Masfjorden kyrkjelege fellesråd. Rekneskapen til kyrkjeleg fellesråd for 2018 er under avslutting og arbeidet har avdekt periodiseringsavvik frå tidlegare år som revisjonen ynskjer retta. Rettinga vil innebere at fellesrådet må avsette fondsmidlar som har vore brukt opp i drifta i allereie avslutta år. Dette vil rekneskapsteknisk bety eit stort underskot i 2018 rekneskapen som kyrkjeleg fellesråd ikkje har disponible fondsmidlar til å dekkje.

Samla sett viser rekneskapstal per april 2019 balanse. Rammeområdet styrar elles mot balanse ved utgangen av budsjettåret.

TEKNISK

Rammeområdet omfattar fleire tenester og har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale eigedom, utleige av bustadar, planarbeid, tekniske tenester innan veg, vatn og avløp, plan- og byggesakshandsaming, kart og oppmåling, landbruks- og naturforvaltning og brannberedskap.

Samla sett viser rekneskapstal per april 2019 eit stort overforbruk som i all hovudsak skyldast budsjettpostar som avskrivningar og fordelte utgifter, samt etterslep i faktureringa av tenester som Masfjorden kommune leverer til andre kommunar. Alle desse kjem seinare i rekneskapen og budsjettavviket er knytt til forskjelleg periodisering i rekneskapen og budsjettet. Rammeområdet styrar elles mot balanse ved utgangen av budsjettåret.

ANDRE TENESTEOMRÅDER

Rammeområdet omfattar administrasjonslokalar, periodisering av pensjonsutgifter og diverse felles og sentrale postar.

Samla sett viser rekneskapstal per april 2019 eit stort meirinntekt som i all hovudsak skyldast forskjellig periodisering i rekneskapen og budsjettet. Det forventast balanse ved utgangen av budsjettåret.

INVESTEINGAR

Ingen endringar i planlagt framdrift for vedtekne investeringar.

Vurdering

Etter kommuneloven sin § 47 Årsbudsjettets bindande verknad, skal endring i inntekter og utgifter som årsbudsjettet byggjer på meldast til kommunestyret, som skal gjera naudsynte endringar i budsjettet. Det same gjeld når det på annan måte vert gjort kjent tilhøve som kan tyda på vesentlige endringar i inntektene eller utgiftene i høve til vedteken budsjett.

Det heftar generelt noko usikkerhet rundt prognosar, og samsvar med budsjettforskriftene rår rådmann til at budsjett 2019 endrast i samsvar med vedlagte budsjettskjema. Meirinntekt før disponering til drift tilråddast avsett til disposisjonsfond i påvente av eit betre avgjerdsgrunnlag til neste tertialrapportering.

Formannskapet - 047/2019

FS - behandling:

Personal- og økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og gjekk gjennom saksdokumentet.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Driftsbudsjett 2019 endrast i samsvar med vedlagte budsjettskjema 1A og 1B.

Kommunestyret - 032/2019

KS - behandling:

Personal- og økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Driftsbudsjett 2019 endrast i samsvar med vedlagte budsjettskjema 1A og 1B.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rita Ludvigsen	FA-A20, FA-A10	19/374

Saknr	Utval	Type	Dato
036/2019	Formannskapet	PS	17.06.2019
033/2019	Kommunestyret	PS	24.06.2019

Kvalitetsmelding for skule og barnehage 2018/19

Vedlegg:

Journalposttittel

Kvalitetsmelding til handsaming

Dato

03.06.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune var med på KS-satsinga «Den gode barnehage- og skuleeigar». Satsinga gjekk over 2 år og vart avslutta med ei samling våren 2019. Vårt utviklingsområde var å laga ei kvalitetsmelding som skal innehalda vesentleg informasjon om kvaliteten i barnehage og skule. Det er fastsett i Opplæringslova at skuleeigar pliktar å utarbeida ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Rapporten skal omhandla læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. kommunestyret. (Opplæringslova § 13-10). Tilsvarande krav finst ikkje for barnehage, men me har som mål at barnehageeigar skal få eit betre oversyn over korleis ein arbeider i barnehagen.

Fakta

Tala som gjeld skule er henta frå dei offentleg tilgjengelege statistikkane som finst i www.skoleporten.no og som byggjer på innrapporterte tal frå skulane, kommunane og fylkesmannen. Elevane sitt syn på læringsmiljøet kjem fram i elevundersøkelsen. Tala for fråfall i vidaregåande skule er henta frå statistikk som Hordaland fylkeskommune har utarbeidd. På barnehageområdet finst det mykje mindre statistikk enn på skulefeltet. Difor har me sjølve måtta bestemma oss for kva opplysningar me vil ha med. Noko statistikk finst i årsmeldinga som blir levert til Fylkesmannen 15. desember kvart år og som er grunnlaget for dei opplysningane me finn i barnehagefakta.no

Vurdering

Rådmannen si vurdering kjem fram i meldinga der det er naturleg. Kommunestyret må sei noko om
Møtebok Masfjorden kommunestyre Møte nr. 4, 24.06.19

kvalitetsmeldinga har rett form, og skal vidareførast no når prosjektet med KS er avslutta. Rådmannen reknar med at kommunestyret har meiningar om omfang innhald og utforming for seinare år.

Konklusjon

Sjå framlegg til vedtak

Formannskapet - 036/2019

FS - behandling:

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svarte på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2018-19 og tek meldinga til orientering.

Kommunestyret - 033/2019

KS - behandling:

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kommunestyret har gjort seg kjend med kvalitetsmeldinga for barnehage og grunnskule i Masfjorden for skule og barnehageåret 2018-19 og tek meldinga til orientering.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rita Ludvigsen	FA-N02	19/233

Saknr	Utval	Type	Dato
041/2019	Formannskapet	PS	17.06.2019
034/2019	Kommunestyret	PS	24.06.2019

Skuleskyss Masfjordskulane kommunalt vedtak

Vedlegg:

Journalposttittel

E39 Matreberg tunnelen, Masfjorden kommune - Skolevei

Matreberg tunnelen

Dato

05.06.2019

04.06.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune dekker skuleskyssen for 1. klassingar som har kortere skuleveg enn 2 km og for 2. til 4. klassingar som har kortere veg enn 4 km, slik det er gjort greie for etter møte med skyss.

I samband med rullering av trafikksikringsplanen i 2019 vert det vurder kva som skal definerast som farleg skuleveg. Dette vil då liggja til grunn for Kommunale vedtak frå og med skuleåret 2020-21.

Rådmannen får fullmakt til å jobbe vidare med dialogen med Masfjorden taxi for å sjå på løysingar på skyss på kommunale vedtak.

Rådmannen får fullmakt til å jobba vidare med at Skyss godkjenner skuleskyssen for elevane i Trodalen som ordinær skyss.

Saksopplysningar:

Nye opplysningar i saka:

Masfjorden kommune hadde 27.05.19 nytt møte med Skyss

Følgjande vart drøfta:

Elevane i Fossdalen vert registrert med ordinær skyss, då det er gjort vedtak om endring av

krinsgrensene som inneber at dei no tilhøyrer Nordbygda skule.

Trodalen: Dersom elevane i Trodalen ikkje har høve til å gå til skulen som eit alternativ til buss eller bil skal skyssen reknast som ordinær, og det skal ikkje gjerast kommunalt vedtak. Det vert innhenta dokumentasjon frå Statens vegvesen. Tilbakemeldingane vert lagt ved saka.

Areklett/Skjelsundet: Det totale talet elevar i dette området er 13. Oppvekstleiar har sendt inn oversikt over dei elevane det gjeld og Skyss kjem tilbake med eit tilbod om skuleskyss, der ein har høve til å ta med alle elevane. Masfjorden kommune vil då bli fakturert for dei elevane som ikkje kjem innunder ordinær skyss. Dette gjeld 6 elevar.

Elevane på Molland: Skyss for elevar 2.-4.klasse, der dei får skyss frå heimen til Nordbygda skule som kommunalt vedtak

Elevar frå 1.-4. klasse som bur i Kvamme /Elvik området får dekkja buss som tidlegare vedtak.

Elevar frå 1.-4. klasse som bur i området Reknes får dekkja buss som tidlegare vedtak.

Masfjorden kommune har dialog med Masfjorden taxi for å sjå på løysingar på skyss på kommunale vedtak.

Bakgrunn

I andre halvdel av 2017 opplevde Masfjorden kommune ei svært vesentleg auke i skyss kostnader til skuleskyss. I den samanheng har det vore ein del informasjonsutveksling og møter med skyss, for å prøva å finna grunnen til denne auken. Noko av auken skuldast at kommunen har vorte fakturert for elevar som har rett på å få dekkja skyssen etter vanlege skyssreglar. Ein har sett behov for å sjå på skyssordninga for alle skulane på nytt .

Fakta

Det er Opplæringslova §13-4-ansvar for skoleskyss, som regulerer skuleskyssen. Kommunen er ansvarleg for skyss av grunnskuleelevar på grunn av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg. Skyssretten gjeld imellom eleven sin heim og nærskule. Opplæringslova § 7.1 *Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.* I skyss si handbok for grunnskoler står det i kommentarar under 2.2 «Strekninga må vurderast som særleg farleg og vanskeleg ut frå både objektive og subjektive vilkår. Dei objektive vilkåra relaterer seg til

vegstandard og trafikale tilhøve, medan dei subjektive vilkåra relaterer seg til tilhøve til den einskilde elev t.d alder og utvikling...»

Elevar i 1.kl. har rett på skyss når avstanden mellom heim og skule er meir enn 2 km

Elevar i 2. til 10. klasse har rett til skyss når avstanden mellom heim og skule er 4 km eller meir. Kommunen kan gjera vedtak om skyss for elevar med kortare skuleveg som er trafikkfarleg, eller

særs trafikkfarleg. For desse elevane vert skyssen ein rein kommunal utgift. For ordinær skyss betaler kommunen kr. 38,- pr. dag pr. elev.

Vinterskyss er fri skuleskyss i vintermånadane. Denne skyssen kan kombinerast med betalt privat kjøring i resten av skuleåret.

Ein har funne at det ikkje er kostnaden med den ordinære skuleskyssen som aukar, men den skuleskyssen som er knytt til kommunale vedtak, ved grunnskulane som har auka. Skyss har innrømt ein del feil i høve til fakturering av elevar som har rett til ordinær skyss, dette vil verta refundert, men det utgjer berre ein del av auken i kostnader.

For Matre gjeld kommunalt vedtak skyss for elevar som er busett i Trodalen, der det ikkje er moglegheit for å gå, p.g.a at busstoppet ligg mellom to tunellar. Skulen har drøfta saka tidlegare med skyss, men har ikkje fått dei til å innrømme skyssansvaret for desse elevane.

For Sandnes vart det gjort kommunalt vedtak i 2001(samlevedtak Arkivkode 216.) dette gjeld elevar som er busett på Kvamme/Elvik. Vedtaket vart gjort på grunnlag av farleg skuleveg for elevar frå 2.-4. klasse.

For Nordbygda skule er det elevar som ikkje har 2/4 km og som bur i området Skjelsundet/Areklett som har hatt kommunalt vedtak om skyss. Dette vedtaket på grunn av tunnelen på fylkesvegen. Vegen ned til Skjelsundet/Areklett vert ikkje rekna som farleg skuleveg

Elevar som bur på Molland har i dag kommunal skyss frå heimen til skulen t/r. Rådmannen finn ikkje heimel for denne praksisen.

Når det gjeld elevar som bur i Fossdalen, er det tidlegare vorte gjort vedtak om skulebyte frå Matre som er skulekrinsen, til Nordbygda for ein enkelt elev. I same vedtaket står det at eleven skal ha skuleskyss med taxi frå heimen til Reknes. Derfrå skal ho ta skulebussen. Eldre søsken gjekk på Matre skule og fekk fri skuleskyss frå Fylkeskommunen, med taxi frå heimen og ordinær skulebuss frå fylkesvegen til Matre skule t/r. Fylkeskommunen er ikkje kontakta i samband med skulebyte for yngre søsken. Dei som bur i Fossdalen har i utgangspunktet rett på fri skuleskyss då dei har over 4 km.

Vurdering

Masfjorden kommune har høge skysskostnader for elevar, som er knytt til kommunale vedtak. Mange av sterkningane har vore rekna som farleg eller sær sars vanskeleg skuleveg. Det må vurderast om skulevegen skal reknast som særleg farleg eller vanskeleg for alle elvane uansett alder, eller om det t.d skal gjelda for elevar i småskulen, slik det framgår av vedtak frå 2001-2002.

Ut frå subjektive kriteriar meiner rådmannen at skuleskyss bør tilrådest for 1. klassingar som har mindre enn 2 km skuleveg og 2.-4. klassingar med mindre enn 4 km skuleveg. For eldre elevar kan ein etter grunngjeven søknad frå føresette vurderer fri skuleskyss.

Ut frå objektive kriteriar meiner rådmannen at skuleskyss bør tilrådest for 1. klassingar som har mindre enn 2 km skuleveg og 2.-4. klassingar med mindre enn 4 km skuleveg der skulevegen eller delar av skulevegen vert definert som farleg. For eldre elevar kan ein etter grunngjeven søknad frå føresette vurderer fri skuleskyss

Ut frå objektive kriteriar meiner rådmannen at skuleskyss bør tilrådest for 1. klassingar som har mindre enn 2 km skuleveg der skulevegen vert definert som vanskeleg. Vinterskuleskyss bør tilrådest

for 2.-4. klassingar med mindre enn 4 km skuleveg der skulevegen eller delar av skulevegen vert definert som vanskeleg. For eldre elevar kan ein etter grunningjeven søknad frå føresette vurderer fri skuleskyss

Konklusjon

På bakgrunn av at strekningane som er beskriver vert definert som farleg skuleveg eller vanskeleg skuleveg vert det gjort vedtak om at kommunen dekker skyssen for elevane frå dei nemnde områda, og innafor nemnde klassetrinn. Jfr. Framlegg til vedtak.

Formannskapet - 041/2019

FS - behandling:

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svarte på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyre.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune dekker skuleskyssen for 1. klassingar som har kortere skuleveg enn 2 km og for 2. til 4. klassingar som har kortere veg enn 4 km, slik det er gjort greie for etter møte med skyss.

I samband med rullering av trafikksikringsplanen i 2019 vert det vurderer kva som skal definerast som farleg skuleveg. Dette vil då liggja til grunn for Kommunale vedtak frå og med skuleåret 2020-21.

Rådmannen får fullmakt til å jobbe vidare med dialogen med Masfjorden taxi for å sjå på løysingar på skyss på kommunale vedtak.

Rådmannen får fullmakt til å jobba vidare med at Skyss godkjenner skuleskyssen for elevane i Trodalen som ordinær skyss.

Kommunestyret - 034/2019

KS - behandling:

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune dekker skuleskyssen for 1. klassingar som har kortere skuleveg enn 2 km og for 2. til 4. klassingar som har kortere veg enn 4 km, slik det er gjort greie for etter

møte med skyss.

I samband med rullering av trafikksikringsplanen i 2019 vert det vurder kva som skal definerast som farleg skuleveg. Dette vil då liggja til grunn for Kommunale vedtak frå og med skuleåret 2020-21.

Rådmannen får fullmakt til å jobbe vidare med dialogen med Masfjorden taxi for å sjå på løysingar på skyss på kommunale vedtak.

Rådmannen får fullmakt til å jobba vidare med at Skyss godkjenner skuleskyssen for elevane i Trodalen som ordinær skyss.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA-M73	17/316

Saknr	Utval	Type	Dato
045/2019	Formannskapet	PS	17.06.2019
035/2019	Kommunestyret	PS	24.06.2019

Gulen og Masfjorden brann og redning (GMBR). Søknad om midlar til oppstart av øvings- og kompetansesenter Berivest as

Vedlegg:

Journalposttittel
Vedlegg Berivest

Dato
17.06.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune er positiv til å gje økonomisk støtte til oppstarten av øvingscenteret i Berivest AS. Kommunen vil ta stilling til storleik på støtte når styret har avklart om det er mogleg å hente inn ekstern kapital til etableringa.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret er etterkvart godt kjent med sak rundt etablering av nytt øvingscenter. Vedtak om vidareføring av ideen om etablering vart sist gjort i kommunestyret i Masfjorden 13. des. 2018 og i kommunestyret i Gulen 14. februar 2019.

Det er peika ut eit styre som no har arbeidd fram ein plan for etableringa. Det er no gjort eit meir systematisk arbeid for å konkretisere dei faktiske kostnadane ved å etablere øvingscenteret som er lokalisert til Sløvåg Utvikling sitt område i Gulen Industrihamn. I styret sit Odd Harald Eide, Torill Torsvik Størkersen og Anne Magrete Bollmann. Brannsjef Sigvald Kvinge har bistått arbeidet med fagleg rettleiing.

Styret kjem no med søknad til kommunane om eingongsstøtte til etablering og oppstartskostnader på kr 750 000 pr. kommune, samt forskottering av kurs med inntil 100.000 pr. kommune, slik at det føreligg ein søknad om løyving i 2019 på inntil kr. 850.000,-.

Fakta & vurderingar

Styret har gjort eit grundig og godt arbeid med å kartlegge dei faktiske kostnadane med å etablere ein aktivitet ved øvingscenteret. I dokumentet prosjektstatus juni 2019 er oppstart av anlegget kopla til kommunane sine forventede utgifter knytt til lukking av kompetanseavvik i GMBR. Ved å etablere øvingsanlegget og utdanne eige mannskap i perioden 2019-2021 meiner styret at ein er godt på veg til å dekke inn dei løpande utgiftene. For å oppnå økonomisk balanse er det lagt inn kurssal til andre med kr 200 000 i 2020 og kr 360 000 i 2021. I statusrapporten viser styret sine vurderingar rundt økonomien at dette er eit noko usikkert og marginalt prosjekt. Styret tilrår likevel at selskapet vert

stifta og at det vert arbeidd etter ein slik framdriftsplan,

Framdrift for arbeidet er følgande for 2019:

1. Investeringsavklaring i Gulen og Masfjorden kommunar.
2. Søknad om ekstern finansiering
3. Prosjektstart så snart investeringsplanen er godkjent.
4. Søknad og godkjenning av utsleppsløyve
5. Adm. rutiner på plass til oktober.
6. Oppstart kurs okt.
7. Ferdig med utdanning del 1 innan 2019.

Ideen om eit øvingsssenter kom opp for fleire år sidan, og det vart då signalisert at naudsynt innkjøp i hovudsak var øvingscontainerar til kr 200 000. Kostnadsbiletet har endra seg mykje sidan det. «Øvingsssenteret» har allereie generert ein del utgifter.

Behovet for grunnutdanning er stort. Risikoen med å sette eige personell i fare ved utrykning og slukningsarbeid, må sjølvstøtt minimaliserast og HMS ivaretakast på best mogleg måte. Administrasjonen er likevel usikker på om det er rett tiltak å opprette eit eige øvingsssenter. Det kan stillast spørsmål ved om ideen er berekraftig på sikt. Når GMBR sitt mannskap er utdanna i 2021 vil eige behov for anlegget vere redusert. Anlegget si hovudinntektskjelde vil då vere basert på sal av kurs til eksterne. Dagleg drift vil verte meir krevjande. Kursporteføljene er uklar, og det viser seg ofte at kundar har ynskje om kjøp av tenester, men kan ikkje prioritere det økonomisk sett. Drift av eit kurssenter ligg ikkje innanfor brann og redning sitt kjerneområde, og vi kan i verste fall komme i ein situasjon der drifta krev mykje administrastive ressursar og går utover operativ drift i GMBR.

Masfjorden kommune søkte pr. den 14.06.19 om 1,5 mill.kr. i støtte til unike regionale utviklingsprosjekt for kompetansesenter innan samfunnsberedskap, brann- og redning (ordning tidlegare definert som konsesjonskraftmidlar) hjå Hordaland fylkeskommune.

Administrasjonen i Masfjorden har etter ei samla vurdering komme til at kommunen bør støtte oppstarten økonomisk, men både styre og administrasjonen meiner at ein helst bør få delfinansiert oppstartskostnadene med eksterne midlar, og at det økonomiske biletet må klargjerast i høve til evt. moglegheit for ekstern finansiering.

Konklusjon

Masfjorden kommune er positiv til å gje økonomisk støtte til oppstarten av øvingsssenteret i Berivest AS. Kommunen vil ta stilling til storleik på støtte når styret har avklart om det er mogleg å hente inn ekstern kapital til etableringa.

Formannskapet - 045/2019

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune er positiv til å gje økonomisk støtte til oppstarten av øvingsssenteret i Berivest AS. Kommunen vil ta stilling til storleik på støtte når styret har avklart om det er mogleg å hente inn

ekstern kapital til etableringa.

Kommunestyret - 035/2019

KS - behandling:

Torill Torsvik Størkersen (Ap) spurte om ho er inhabil sidan ho er styremedlem i Berinvest AS. Kommunestyret samla seg om at Størkersen var habil i denne saka.

Saka vart drøfta.

Kommunestyret jobba fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre løyver inntil kr 750 000,- i eingongsstøtte til etablerieng og oppstartskostnader av Berinvest AS

Ein føreset at styret også ser på om det er mogleg å hente inn ekstern kapital til etableringa.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommunestyre løyver inntil kr 750 000,- i eingongsstøtte til etablerieng og oppstartskostnader av Berinvest AS

Ein føreset at styret også ser på om det er mogleg å hente inn ekstern kapital til etableringa.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-068, TI-&01	19/364

Saknr	Utval	Type	Dato
035/2019	Formannskapet	PS	17.06.2019
036/2019	Kommunestyret	PS	24.06.2019

Ny selskapsavtale for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS frå 2020

Vedlegg:

Journalposttittel

Selskapsavtale pr. 01.01.2020 (2) (L)(25730)

Dato

28.05.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. *Masfjorden kommune vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.*
2. *Masfjorden kommune vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020*

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Ny selskapsavtale føl som ein konsekvens av kommunereforma og at alle eigarane lyt vedta ny avtale når eigarforholda endrar seg.

Fakta

Den 30. april 2019 gjorde representantskapet ved Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS vedtak om og fremje forslag om endring i selskapsavtala frå 01.01.2020. I same møte vedtok ein og framlegg til eigarbrøk samt ny tilskotsmodell.

Tilskotsmodellen tek utgangspunkt i eit grunnbeløp som er likt for kvar eigarkommune i tillegg til eit fast kronebeløp for kvar innbyggjar ut frå tal frå SSB pr. 1 januar føregåande år.

Eigarbrøk utgår frå samla innbetalt tilskot og vert justert kvart 4 år på bakgrunn i endringar samt inn og utmeldingar i selskapet.

Masfjorden kommune får ein auke i eigartilskotet. Auken skuldast at talet på eigarar går ned og kostnadar skal fordelast på færre eigarar. Masfjorden kommune har og fått ordna saksarkiva sine frå 1965 til ut på 1990 talet. Arbeidet er dekkja delvis med tilskot frå Masfjorden kommune og delvis med tilskot frå dei andre eigarkommunane. Masfjorden kommune har difor fått utført meir arbeide innanfor eigartilskotet enn dei andre eigarkommunane som ikkje har fått utført dette arbeidet.

Tilskot til selskapet vert i ny tilskotsmodell eit fastbeløp på 91 667 samt 3,15 kr. pr. innbyggjar. Dette fører til at Masfjorden kommune frå 2020 skal yte eit eigartilskot på 97 054. Dette vert ei auke på 22 058,- i frå 2019. Auken skuldast at talet på eigarar går ned og kostnadar skal fordelast på færre

eigarar. Masfjorden kommune har og fått ordna saksarkiva sine frå 1965 til ut på 1990 talet. Arbeidet er dekkja delvis med tilskot frå Masfjorden kommune og delvis med tilskot frå dei andre eigarkommunane. Masfjorden kommune har difor fått utført meir arbeide innanfor eigartilskotet enn dei andre eigarkommunane som ikkje har fått utført dette arbeidet. I ei ny selskapsavtale vert ordning av arkiva tilbydd gjennom ei oppdragsavtale der ein lyt betale omgåande for utført arbeide.

Masfjorden kommune sin eigardel i selskapet vert endra frå 1,92 % i 2019 til 3,3 % frå 2020. Dette skuldast at eigardelen føl tilskotet og at eigarbrøken skal fordelast på færre eigarar.

Skal selskapsavtala endrast, er det ein føresetnad at det vert gjort likelydande vedtak i samlege av eigarane sine kommunestyre. Ny selskapsavtale er ikkje gjeldande før den er godkjend i føretaksregisteret. Om det ikkje vert vedteke ny selskapsavtale innan 1. januar 2020 vil gamal avtale gjelde og gamal tilskotsmodell vert lagt til grunn fram til ny er vedteke.

Vurdering/konklusjon

Masfjorden kommune vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Masfjorden kommune vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.

Formannskapet - 035/2019

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

1. *Masfjorden kommune vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.*
2. *Masfjorden kommune vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.*

Kommunestyret - 036/2019

KS - behandling:

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

1. *Masfjorden kommune vedtek selskapsavtale for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.*
2. *Masfjorden kommune vedtek tilskotsmodell for Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS og gjer denne gjeldande frå og med 01.01.2020.*

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA-L81, HistSak-09/492	16/659

Saknr	Utval	Type	Dato
037/2019	Kommunestyret	PS	24.06.2019

Utbygging og avtalar bustadfelt Einestrاند

Vedlegg:

Journalposttittel

Utbyggingsavtale bustadfelt på Einestrاند

Tilleggsavtale

Dato

24.08.2016

24.08.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Opphavleg utbyggingsavtale Einestrاند opphøyrer.

Rådman får fullmakt til å inngå ny(e) avtalar for å sikre utbygging av feltet

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunen har prøvd å medverke til utbygging av bustadfelt Einestrاند siste 10 år. Lite har skjedd i feltet. Mange interessantar har vore inne å vurdert prosjekt – men partane ikkje vorte samde. Nye løysingar er på gang, og alle involverte partar samde om restart, men då må eksisterande avtale opphøyre.

Fakta

Utbyggingsavtale Einestrاند bustadfelt vart inngått etter søknad fra Einestrاند og vedtak gjort av Masfjorden kommunestyre den 3. november 2009 **KS** sak 75/09, og tilleggsavtale av 2011 saksvedlegg

Konklusjon

Opphavleg utbyggingsavtale med heimel i kommunestyresak 75/09, for Einestrاند opphøyrer. Rådman får fullmakt til å inngå ny(e) avtalar for å sikre utbygging av feltet

Kommunestyret - 037/2019

KS - behandling:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Opphavleg utbyggingsavtale Einestrand opphøyrer.

Rådmann får fullmakt til å inngå ny(e) avtalar for å sikre utbygging av feltet

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-202, TI-&14	19/366

Saknr	Utval	Type	Dato
033/2019	Formannskapet	PS	17.06.2019
038/2019	Kommunestyret	PS	24.06.2019

Finansrapportering pr. 30.04.2019/1.tertial 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapporteringa pr. 30.04.2019 vert teken til vitring

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Finansrapportering jf. finansreglement vedteke av kommunestyret den 20.02.2017, sak 3/2017

9. Rapportering

Rådmannen skal i samband med tertialrapportering per 30.04 og 31.08 utarbeide ein finansrapport til formannskapet og kommunestyret. I tillegg skal rådmannen i samband med årsavslutning leggje fram ein rapport til formannskapet og kommunestyret som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

- Rapportane skal innehalde ein omtale og vurdering av kommunen sin finansielle risiko.
- Rapportene skal innehalde ein nærmare omtale av korleis aktiva og passiva er samansett.
- Rapportane skal vise markedsverdien for aktiva, både samla og for kvar gruppe av ulike typar aktiva.
- Rapportane skal vise verdien for passiva, både samla og for kvar gruppe av ulike typar passiva. I tillegg skal rapportane opplyse om løpetida for passiva, og om verdien av lån som forfell og som må refinansierast innan 12 månader.
- Rapportane skal innehalde ein omtale av vesentlege marknadsendringar og endringar i kommunen sin finansielle risiko, og det skal gjevast ein vurdering av dette. I tillegg skal rapportane innehalde ein omtale av aktuelle marknadsrenter og kommunen sine eigne rentevilkår.
- Om det har oppstått avvik mellom krava i finansreglementet og den faktiske forvaltninga, skal dette takast med i rapportane.

Fakta

Plasserte midlar i rente, obligasjon og aksjefond hadde ein positiv avkastning pr. 1.tertial 2019, jf. oversikta under, med over 1,8 mill.kr. og 7,8%

	31.12.2018	2019		
		Resultat	Marknadsverdi	Avkastning
Dnb Obligasjon 20	7 482 337,69	81 626,84	7 563 964,53	1,091 %
Holberg Kreditt	2 192 275,54	80 293,66	2 272 569,20	3,663 %
First Aksjer Norge	5 621 551,80	551 401,90	6 172 953,70	9,809 %
Holberg Global	2 113 193,30	395 834,75	2 509 028,05	18,732 %
Holberg Rurik	699 542,49	55 827,23	755 369,72	7,981 %
Spv Aksje	5 623 798,00	688 203,00	6 312 001,00	12,237 %
SUM	23 732 698,82	1 853 187,38	25 585 886,20	7,809 %

Alle plasseringa gjekk i pluss jan. – mars., medan i april var det ein del som gjekk i minus – men samla

	jan	febr	mars	april
gjekk denne månaden og i pluss	741 994,54	549 764,30	438 608,71	122 819,83

Langsiktig gjeld, viser til rekneskapen 2018 kring status. Ikkje teke opp lån til investering 2019 enno, opptak startlån med 3 mill.kr. er i prosess/utbetalt. Relevante forhold kring langsiktig gjeld, tek med litt frå budsjettbrevet frå Fylkesmannen for 2019

Avdrag

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjuande ledd kan attståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstiga den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet. Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vera at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag 3 ½ - 4 prosent av lånegjelda (når for-midlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med). Fylkesmannen rår kommunane til at dei ordinære avdraga minst er på dette nivået. Det er budsjettert med kr 5,5 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dei budsjetterte avdraga oppfyller det tilrådde minstenivået for ordinære avdrag.

Investering, lånegjeld og kapitalutgifter

I budsjett for 2019 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 38.750.000,-. Den største investeringa er bygging av omsorgsbustader på Hosteland. Investeringa i omsorgsbustadene utgjør kr 32,5 mill. av investeringane i budsjettet. Investeringane er planlagde finansierte med bruk av lånemidlar, kr 14,5 mill. Resten av investeringane er i hovudsak planlagde finansierte med momskompensasjon og statleg investeringstilskot. Investeringstilskot vil først bli utbetalt i år 2020 når omsorgsbustadene er venta stilt ferdige.

I tillegg kjem låneopptak til vidareutlån med kr 3,0 mill. Eigenkapitalinnskot KLP, kr 650.000,-, blir finansierte med bruk av fond og utan lån, slik det er lagt til grunn i regelverket.

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld per 31.12.2017 for kommunane samla i Hordaland, utanom Bergen, til kr 87.055,- per innbyggjar. I dette talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det tilsvarande talet for kommunen er kr 41.739,-.

Kommunane samla i Hordaland, utanom Bergen, har eit gjeldsnivå som ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet. Landsgjennomsnittet (utanom Oslo) si langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2017 var kr 78.511,- per innbyggjar. Pensjonsforplikting er ikkje medrekna.

Kommunen si brutto lånegjeld ved utgangen av 2018 er i førebels rekneskap om lag kr 69 mill., eller om lag kr 39.900,- per innbyggjar.

Kommunestyret har tidlegare vedteke at årlege låneopptak ikkje skal vere større enn dei årlege ordinære avdraga i driftsbudsjettet. Denne handlingsregelen står ved lag.


I samråd med Fylkesmannen vart det opna for å kunne ta opp større lån for å finansiera dei nye omsorgsbustadene på Hosteland. Omsorgsbustadene vil vera sjølvfinansierande gjennom statlege investeringstilskot og leigeinntekter.

Kommunen bør likevel halde fast på handlingsregelen om ikkje å ta opp større lån årleg enn det kommunen betaler i ordinære avdrag. Det er viktig at kommunen over tid har eit moderat gjeldsnivå. Nye investeringar bør bli finansierte med driftsmidlar, eventuelle tilskot, fond og lån avgrensa i samsvar med den nemnde handlingsregelen.

Renta ligg framleis på eit lågt nivå, og til tross for framleis ein liten auke i 3 mnd. NIBOR, så forventar ein låg rente i åra framover, jf. m.a. Norges bank signal i form av styringsrente.

Styringsrenten de siste årene og anslag fremover

Figuren under viser styringsrenten i prosent siden 2010 og anslag fremover fra siste Pengepolitisk rapport. Den heltrukne linjen viser faktisk utvikling i styringsrenten, mens den stiplede linjen er Norges Banks prognose. Figuren oppdateres samtidig med publisering av rapporten.



Vurdering

Det er normalt med til dels store svingingar i aksjemarknaden gjennom eit år, jf. 2018. 2019 har starta bra. Det skal lite til av uro rundt omkring i verden før ein får opp eller nedgang i verdien av plasseringane, og utfordring er å skape/ oppnå meiravkastning utover ordinær bankinnskott.

Stresstest pr. 30.04.2019 er gjort ut i frå at grunnkapital/plassering er dekkja opp med fondsavsetjing, og at det er berre reinvestert kapital som ein ikkje har fondsmidlar til å dekke. Plasseringa utover bankinnskott er noko Masfjorden etter kvart har mange års erfaring med, og normalt har ein oppnådd eit resultat som har styrka kommunerekneskapen med mellom 1-2 mill.kr. årleg, og berre unntaksvis har vi hatt år med negativ avkastning – som i 2018. Faren for finansuro og negativ avkastning er til stades, men ein har større tru på meiravkastning utover bank og for noverande plasseringa – men det vert garantert svingingar.

Konklusjon

Tilrå at finansrapporteringa pr. 30.04.2019 vert teken til vitring

Formannskapet - 033/2019

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Finansrapporteringa pr. 30.04.2019 vert teken til vitring

Kommunestyret - 038/2019

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Finansrapporteringa pr. 30.04.2019 vert teken til vitring

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA-S09	19/430

Saknr	Utval	Type	Dato
039/2019	Kommunestyret	PS	24.06.2019

Kraftmelding pr. juni 2019

Vedlegg:

Journalposttittel

kraftmelding pr. juni 2019

Dato

22.06.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kraftmelding pr. juni 2019 vert teken til vitring

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Høyring

Uttale

Fakta

Saka/meldinga vert lagt fram og presentert i sjølve kommunestyremøte

Vurdering

Konklusjon

Kommunestyret - 039/2019

KS - behandling:

Rapport Kraftmelding vart presentert i møtet.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Kraftmelding pr. juni 2019 vert teken til vitring

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-024	19/365

Saknr	Utval	Type	Dato
034/2019	Formannskapet	PS	17.06.2019
040/2019	Kommunestyret	PS	24.06.2019

Sosialsatsar NAV Fensfjorden

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- NAV Fensfjorden vil følge statens rettleiande satsar for økonomisk stønad, med dei reguleringar som blir gjort årleg.
- Når det gjeld andre ytingar, får NAV fullmakt til å fastsette rutinar ut frå eit forsvarleg skjønn og kjennskap til kostnadsnivå i kommunane.

Saksopplysningar:

Bakgrunn/Fakta

Dei fem kommunane Fedje, Austrheim, Gulen, Modalen og Masfjorden er einige om å ha eit forpliktande samarbeid etter ein vertskommunemodell. Masfjorden kommune er satt til å være vertskommune for dette samarbeidet og utbetalingane vil skje gjennom Masfjorden sitt økonomikontor og så vil ein krevje refusjon frå ei andre kommunane for innbyggjarar i andre kommunar. Dei fem kommunane hadde til ein viss grad ulikskap på stønadsnivå. Vi har satt ned ei arbeidsgruppe samansett av sakshandsamarar frå alle kontora for å få til likebehandling i NAV Fensfjorden og felles forståing av lov og regelverk på området. I forslaget skil vi mellom lovbestemte ytingar til livsopphald i Sosialtenestelova § 18 og ytingar i særskilte høve etter Sosialtenestelova § 19. I dei sistnemnde sakene er størrelsen på ytinga underlagt skjønnsutøving med utgangspunkt i faktiske behov. NAV har både ei rett og ei plikt til å utøve skjønn i kvar enkelt sak når vi yter ein stønad. Satsane er såleis rettleiande. Ein tilrår at NAV Fensfjorden følgjer staten sine satsar. Desse blir revidert årleg i høve løns, pensjons og kostnadsutvikling i landet.

Statleg rettleiande månads-sats 2019:

Einslege	kr 6 150
Ektepar/Sambuarar	kr 10 250
Person i bufellesskap	kr 5 150
Barn 0-5 år	kr 2 400
Barn 6-10 år	kr 3 050
Barn 11-17	kr 4 000

Desse satsane skal dekke utgifter til mat, klede, sko, vanlege hushaldningsutgifter til personleg hygiene og reinhald, daglege reiseutgifter og forsikringar. I tillegg kan ein etter søknad få støtte til etablering, husleige, straum, stønad ved høgtider og dåp/namnedag/konfirmasjon, fødselsdagsmarkeringar (eigen og veners), tv/internett/media, barnehage/sfo, skulestart, aktivitetar for barn, samværstillegg, lege/medisin, reiseutgifter/ bilutgifter og tannbehandling. Det kan også i

særlege tilfelle gis hjelp til midlertidig bustad og naudhjelp. Dette er utgifter der ein har ein skjønnsutøving i kvar enkelt sak og det er difor problematisk å fastsette satsar for kor mykje ein skal gje i kvart enkelt tilfelle.

Vurdering/konklusjon

NAV Fensfjorden vil følgje statens rettleiande satsar for økonomisk stønad, med dei reguleringar som blir gjort årleg.

Når det gjeld andre ytingar, får NAV fullmakt til å fastsette rutinar ut frå eit forsvarleg skjønn og kjennskap til kostnadsnivå i kommunane.

Formannskapet - 034/2019

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

- NAV Fensfjorden vil følgje statens rettleiande satsar for økonomisk stønad, med dei reguleringar som blir gjort årleg.
- Når det gjeld andre ytingar, får NAV fullmakt til å fastsette rutinar ut frå eit forsvarleg skjønn og kjennskap til kostnadsnivå i kommunane.

Kommunestyret - 040/2019

KS - behandling:

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

- NAV Fensfjorden vil følgje statens rettleiande satsar for økonomisk stønad, med dei reguleringar som blir gjort årleg.
- Når det gjeld andre ytingar, får NAV fullmakt til å fastsette rutinar ut frå eit forsvarleg skjønn og kjennskap til kostnadsnivå i kommunane.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		19/431

Saknr	Utval	Type	Dato
041/2019	Kommunestyret	PS	24.06.2019

Referatsak

Tilknytte dokument:

1. Samarbeid om nytt symjeanlegg i Gulen
2. Søknad om ekstraløyving til å dekkja kostnader for innleige av barne- og ungdomsarbeidarar i 2019 og åra framover
3. Budsjettbrev 2019
4. Innkalling til årsmøte i representantskapet i NGIR 27.05.19
5. Protokoll Regionråd 4-2019, fredag 7 . juni
6. Protokoll frå Representantskap 1-2019 Region Nordhordland Helsehus IKS, 7. juni
7. Protokoll frå Representantskap 1-2019 Nordhordland Utviklingsselskap IKS, 7. juni.
8. SV: Endring av NGIR sin selskapsavtale

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 041/2019

KS - behandling:

Helen Andvik frå Folk for Fjella gav ordføraren resultatet av underskriftskampanjen som er gjennomført i Masfjorden kommune.

Revisjonssjef Janne Eraker orienterte om samanslåing av Nordhordland Revisjon IKS og Hardanger

Revisjon (IHR) til Vestland Revisjon IKS

Grunngjeve spørsmål frå Janne Judith K Sandnes:

Kva vert gjort med det som er lagra på kommunal grunn på Risnes

Ordførar orienterte om at dette er ei sak som har pågått lenge og at han hadde kontakta Teknisk for oppfølging.

Referatsaker:

Skriv 1: Samarbeid om nytt symjeanlegg i Gulen

Skriv 2: Søknad om ekstraløyving til å dekkja kostnader for innleige av barne- og ungdomsarbeidarar i 2019 og åra framover

Skriv 3: Budsjettbrev 2019

Skriv 4: Innkalling til årsmøte i representantskapet i NGIR 27.05.19

Skriv 5: Protokoll Regionrådet 4-2019, fredag 7.juni

Skriv 6: Protokoll frå Representantskap 1-2019 Region Nordhordland Helsehus IKS, 7.juni

Skriv 7: Protokoll får Representantskap 1-2019 Nordhordland Utviklingsselskap IKS, 7.juni

Skriv 8: Endring av NGIR sin selskapsavtale

Kommunestyret godkjenner presiseringa i selskapsavtalen om at det er representantskapet som godkjenner låneopptak.

Skriv 9: Løyving av pengar frå brufondet for å etablere sosiale kampanjer for å fremme Masfjordbrua.

Eit samla kommunestyre gav rådmannen fullmakt til å forhandle fram ein avtale.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA-A56	19/403

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2019	Administrasjonsutvalet	PS	17.06.2019
042/2019	Kommunestyret	PS	24.06.2019

lærlingar – samarbeidsavtale og rammetal for tal lærlingar pr. år i Masfjorden kommune

Vedlegg:

Journalposttittel

Samarbeidsavtale 2019

Dato

08.06.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune inngår formell samarbeidsavtale om lærlingar, men held fast på måltal om minimum 3 lærling plassar årleg

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunane vart i samband med regionrådsmøte 10.5.2019 oppfordra til å inngå samarbeidsavtale med dei lokale vidaregåande skulane. Denne avtalen skal styrkja samarbeidet mellom lokalt næringsliv, kommunar og vidaregåande skular i Nordhordland i arbeidet med å rekruttere til yrkesfagleg opplæring, samt å auka talet på lærebedrifter i regionen. Føremålet med avtalen er å stimulere til samarbeid om fleire lære plassar innan fag- og yrkesopplæringa gjennom å:

- letta overgangen frå skule til lære plass for elevane
- auka rekrutteringa til fag- og yrkesopplæringa i regionen

Uttale frå Ressursgruppa til Nordhordland Næringslag v/Vivian Kårbø

Sak om lære plassar i kommunane i Regionrådet i 10. mai

Vi veit at kompetansebehova i kommunesektoren er størst og aukande innan pleie og omsorg med behov for både helsefagarbeidarar og sjukepleiarar. Ifølgje rapporten *Kompetanse og utdanning i Nordhordland* får Nordhordland eit **behov for 443 fleire helsefagarbeidarårsverk i 2035 samanlikna med i 2010**, og det vil vera behov for **21-27 nye helsefagarbeiderstillingar i året**. Samstundes konkluderer rapporten med at det i dag vert utdanna for få helsefagarbeidarar for å kunne dekke dette behovet. Rapporten peikar også på at nokre av kommunane i Nordhordland allereie i dag har problem med å rekruttere helsefagarbeidarar (Rusten, Eriksen og Grimsrud 2019: 115-118).

Rekruttering av arbeidskraft er eit viktig argument for å ta lærlingar. Kommunen vil spare HR-

ressurser. I helse – og oppvekstfag, og då særleg i helsefag er det berre kommunane som kan hjelpe lokal ungdom til å få fullført utdanninga si.

- Korleis skal vi klare å rekruttere nok helsefagarbeidarar i regionen?
- I mange bedrifter i næringslivet er ca. 10% av arbeidsstokken lærlingar. Rekruttering av lærlingar startar ved at ein har elevar ute i praksis. Ønsker kommunane å gjera dette? Og korleis kan dei gjera det?
- Stiller kommunane i Nordhordland krav om lærlingar til underleverandører av tenester til kommunane?

Fakta

Gjeldande vedtak i Masfjorden kommune er at ein tek inn minimum 3 lærlingar.

Pr. dato har kommunen 7 læringeplassar og 2 TAF plassar

Vurdering

Masfjorden kommune har stort sett teke inn fleire enn 3 lærlingar pr. år, men ein tilrår å halde fast på måltalet om minimum 3 årlege lærlingar, og held fram med å ta inn så mange lærlingar som ein maktar å følgje opp. Opptak av lærlingar er viktig med tanke på framtid bemanningssituasjon. Samarbeidsavtale vert inngått

Konklusjon

Masfjorden kommune inngår formell samarbeidsavtale om lærlingar, men held fast på måltal om minimum 3 lærling plassar årleg

Administrasjonsutvalet - 008/2019

AU - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

AU - vedtak:

Masfjorden kommune inngår formell samarbeidsavtale om lærlingar, men held fast på måltal om minimum 3 lærling plassar årleg

Kommunestyret - 042/2019

KS - behandling:

Saka vart drøfta

Framlegg til vedtak frå Administrasjonsutvalet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune inngår formell samarbeidsavtale om lærlingar, men held fast på måltal om minimum 3 lærling plassar årleg

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-151	19/442

Saknr	Utval	Type	Dato
043/2019	Kommunestyret	PS	24.06.2019

Rammer for årsbudsjett 2020 & økonomiplan for 2020 – 2023

Vedlegg:

Journalposttittel

revNB18

BU19-MAS

Budsjettprosess 2020

Dato

23.06.2019

23.06.2019

23.06.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Driftsramme pr. rammeområde for 2020 budsjettet

BUDSJETTSKJEMA 1B	B 2020
01 Folkevalgte organ	2 500 000
02 Administrasjon	15 000 000
03 Barnehage	17 000 000
04 Skule	44 500 000
05 Helse	10 500 000
06 Sosial og barnevern	4 500 000
07 Pleie og omsorg	49 000 000
08 Kultur	6 500 000
09 Kyrkja	3 500 000
10 Teknisk	9 000 000
11 Andre tenesteområder	-8 800 000
Sum overført til 1A	153 200 000

2. Investeringsramme for 2020 og økonomiplan følger av saldert 2019 budsjett/kommunestyresak 11/2019

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I tråd med gjeldande økonomireglement skal Kommunestyret i sitt juni møte vedta budsjettammer for kommande års budsjett og økonomiplan.

Rammer og budsjett 2020 var tema under utvida leiarmøte 14.juni, samt budsjettprosess 2020 drøfta i formannskapet 17.juni. Legg opp til budsjettprosess slik at noverande kommunestyre ferdigstiller budsjett 2020 til siste møte i valperioden. Ferdig budsjett vert overlevert til det nye kommunestyre – med formell prosess og endeleg budsjettvedtak i desember

Budsjettprosess,

Dato	Tema	Ansvarleg
Juni	Rammesak budsjett/øk.plan Som byggjer på;	Rådmann
	<ul style="list-style-type: none"> • rekneskapen/årsmelding 2018 • 1. tertialrapport 2019 • Kommuneproposisjonen 2020 • Innspel frå driftseiningane 	
juni	Fastsetjing rammer til budsjett / ramme økonomiplan	Kommunestyret
juni	Orientering om fastsette rammer til budsjett overfor driftseiningane/HTV. inkl. orienteringsskriv til budsjettansvarlege om budsjettprosessen og ramme	Rådmannen
29.august	Dialogmøte mellom formannskap/leiarane i samband med budsjettsaka – knytt primært til 3 hovudtema;	Ordførar
	<ol style="list-style-type: none"> 1. skule og budsjettbalanse,rammevilkår 2. driftsmessige konsekvensar for helse, PLO og Nordbygda barnehage av at kommunen går inn i Fensfjordbygg – berre sjølvkjøp av deler av bygget innarbeidd i økonomiplan 3. teknisk – miljø og landbruk, organisering og budsjettbalanse 	
Innan 1.9.	Utarbeiding av budsjettframlegg med konsekvensvurdering av tildelt ramme	Driftseiningane
innan 6.september	Utarbeiding av samla budsjettframlegg i dialog med driftseiningane	Rådmann
september	Budsjetthandsaming	Formannskapet
15.oktober	Budsjettsaka 2020 klar til politisk handsaming	Rådmann
21/28.okt	Tilråding og vedtak av årsbudsjettet 2020 og økonomiplan 2020-2023	FS/Kommunestyret
november	Budsjetthandsaming Formannskapet's innstilling vert lagt ut til offentleg ettersyn	Formannskapet Innbyggjarane m.fl.
1.x.12.	Endeleg vedtak av årsbudsjettet og økonomiplan	Kommunestyret

Budsjettet er offentleg etter at rådmann har lagt fram forslag til årsbudsjett, som skal skje innan den 15. oktober

Fakta

Kort oppsummert hovudkonsekvensar for år 2020 jf. kommuneproposisjonen kring

Inntektssystemet

- Ingen store endringer i inntektssystemet for kommunane i 2020
- Vidareføring av eingangstilskot, inndelingstilskot og regionsentertilskot i kommunereformen
- Inndelingstilskot i 2020 vil inneholde kompensasjon for bortfall av rammetilskot som følge av samanslåing (basistilskot og distriktstilskot)
- Kompensasjon for reduksjon i veksttilskotet (utslakta verknader)
- Distriktsindeksen blir uendra frå 2019 til 2020

Ut i frå signal i kommuneprrp. Har KS utarbeida oppdatert prognosemodell pr. 4.6.2019, som inneber

MASFJORDEN	1266							
1000 kr	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	38 740	39 632	40 999	43 044	43 384	43 426	43 407	43 388
Utgiftsutjevning	27 030	30 342	29 779	31 317	31 446	31 460	31 454	31 448
Overgangsordning - INGAR	-98	-172	-124	-93	-	-	-	-
Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehelse og arbavg)	520	644	493	564	564	298	298	298
Småkommunetillegg	5 475	3 326	3 326	2 850	2 850	2 850	2 850	2 850
Budsjettvedtak Stortinget - saldering budsjett 2019				-91	-91	-91	-91	-91
RNB 2019 - endringer i rammetilskudd				16	16	16	16	16
Oppgaveoverføring og innlemning av øremerkede tilskudd					682	682	682	682
Endringer saldert budsjett 2014 - 2018	362	-144	50					
RNB 2012-2018, samt Dok8:135 S (2014-15) og Nysaldering 2018	-	98	33					
Sum rammetilsk uten inntektsutj	72 130	73 727	74 593	77 607	78 850	78 641	78 616	78 590
"Bykjetrekke"								
Netto inntektsutjevning	-3 757	-3 011	-1 900	-2 746	-2 757	-2 757	-2 757	-2 757
Sum rammetilskudd	68 373	70 716	72 693	74 861	76 093	75 884	75 859	75 833
Rammetilskudd - endring i %	9,8	3,4	2,8	3,0	1,6	-0,3	-0,0	-0,0
Skatt på formue og inntekt	54 093	54 844	55 228	56 316	56 547	56 547	56 547	56 547
Skatteinntekter - endring i %	4,0	1,39	0,70	1,97	0,41	-	-	-
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)	-	-	-	-	-	-	-	-
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)	122 466	125 560	127 921	131 200	132 600	132 400	132 400	132 400
Sum - endring i %	7,2	2,5	1,9	2,6	1,1	-0,2	-	-
<i>Ekstra skjønn tildelt av fylkesmannen</i>	300	900	600	-	-	-	-	-

Ein vekst på 1,1% i høve 2019 (i faste 2019 prisar).

Vurdering

Kommuneprrp. for 2020 legg til rette for at kommunesektoren samla sett vert sett i stand til å vidareføre dagens tenestetilbod. Kommuneprrp. seier lite konkret om kvar enkelt kommune, slik at verknadene for den enkelte kommunen kan avvike ein del i høve gjennomsnittet. Registrerer at småkommunetilskotet går ned frå 2019, samt at våre forhåpningar om justert distriktsindeks som jf. høyringsnotat ville kunne resultert i ei årleg inntektsauke på 2,5 mill.kr. ikkje vert innført før 2021.

I rammesaka legg ein opp til at Masfjorden kommune kan vidareføre dagens drift vidare framover i økonomiplanperioden, med følgjande hovudtal (1A – budsjettskjema);

BUDSJETTSKJEMA 1A - DRIFT	
	Rammesak 2020
Skatt på inntekt og formue	45 600 000
Ordinært rammetilskudd	76 100 000
Skatt på eiendom	21 000 000
Andre direkte eller indirekte skatter	13 500 000
Andre generelle statstilskudd	3 500 000
Sum frie disponible inntekter	159 700 000
Renteinntekter og utbytte	1 700 000
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	1 700 000
Avdrag på lån	6 500 000
Netto finansinnt./utg.	-6 500 000
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	
Til ubundne avsetninger	2 500 000
Bruk av ubundne avsetninger	2 500 000
Netto avsetninger	0
Til fordeling drift	153 200 000
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	153 200 000
Mer/mindreforbruk	0

Samt 1B fordeling fordeling (jf. kolonne lengst til høyre).

BUDSJETTSKJEMA 1B - DRIFT RAMMEOMRÅDER					
	R 2016	R 2017	R 2018	B 2019	B 2020
01 Folkevalgte organ	2 330 651	2 396 101	2 286 200	2 155 038	2 500 000
02 Administrasjon	15 511 124	14 052 402	14 807 533	14 274 952	15 000 000
03 Barnehage	16 341 196	17 547 075	17 582 857	16 436 565	17 000 000
04 Skule	41 663 413	44 261 250	48 389 207	44 392 087	44 500 000
05 Helse	10 103 623	9 346 911	10 922 452	10 542 150	10 500 000
06 Sosial og barnevern	4 885 734	4 158 934	4 443 858	4 911 011	4 500 000
07 Pleie og omsorg	47 655 458	48 313 063	49 361 566	48 287 880	49 000 000
08 Kultur	6 027 919	6 216 392	6 647 291	6 533 314	6 500 000
09 Kyrkja	3 678 218	3 588 350	3 586 511	3 435 000	3 500 000
10 Teknisk	8 831 067	11 871 771	12 635 874	8 903 306	9 000 000
11 Andre tenesteområder	-7 721 036	-9 893 336	-21 908 749	-2 669 221	-8 800 000
Sum overført til 1A	149 307 371	151 858 918	148 754 600	157 202 082	153 200 000

Investeringsramme følger av salderingsaka, KS sak 11/2019 –

BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERING

	2019	2020	2021	2022
Investering i anlegg	38 650 000	56 950 000	6 150 000	6 150 000
IKT- OG EDB INVESTERINGAR	500 000	500 000	500 000	500 000
NORDBYGDA SKULE - UTBETRING TAK	1 000 000			
NORDBYGDA SKULE - VENTILASJON	1 300 000			
MASFJORDEN SJUKEHEIM - SIGNALANLEGG	500 000			
KOMMUNALE BYGG		3 300 000	3 300 000	3 300 000
MATRE SKULE - RINGEANLEGG/BRANNVARSLING	300 000			
SANDNES SKULE - REHABILITERING	200 000			
Omsorgsbustadar med tilknyta aktivitetssenter Hosteland	32 500 000	17 400 000		
FENSFJORDBYGG		33 400 000		
KOMMUNALE VEGAR		1 000 000	1 000 000	1 000 000
KOMMUNALE VEGAR - bru Stordalen/asfaltering Matre	1 000 000			
BUSTADFELT TILRETTELEGGING	750 000	750 000	750 000	750 000
VASSFORSYNING	600 000	600 000	600 000	600 000
	38 650 000	56 950 000	6 150 000	6 150 000

men med justering av omsorgsbustadar Hosteland, mindre sum i 2019 og meir i 2020, samt ut med tilskot i 2019 og inn med tilskot i 2020. Signalanlegg/VFT frå 500.000 brutto til 2 mill.kr., men uendra netto i investeringsbudsjettet.

Investeringsplan 2019-2022 er ambisiøs, og 2 store prosjekt ligg i sjølve investeringsbudsjettet, i form av omsorgsbustadar/dagsenter Hosteland (med 49,9 mill.kr. brutto) & Fensfjordbygg 33.4 mill.kr., medan 2 andre ligg i driftsbudsjettet, satsing Masfjordsambandet (som er eit regionalt ansvar) og løyving med 40 mill.kr. (i 2012 kr)

Masfjordsambandet - løyving av eigne midlar til prosjektet jf. vedtak i Masfjorden kommunestyre den 31.05.2012, KS-045/12 VEDTAK:

KS-045/12 VEDTAK:

- 1. Masfjorden kommune går inn med 40 mill.kr. som eigenfinansieringsdel Masfjordsambandet.**

og fiber (kor kommunen går inn med tilskot, og ikkje eigar), med omlag 12 mill.kr.

Desse investeringane vil auke lånegjelda og bruk av fond, som vil gå utover driftsrammene i åra framover. Usikkerheit kring kraftinntektene og rapport ekspertutval 1.10.2019 gjer at driftsrammene framover er usikre.

Konklusjon

Tilrå at rammer innarbeidd i framlegg til vedtak og saksutgreiinga elles vert vedteke som grunnlag for budsjettarbeidet 2020 og økonomiplan & handlingsplan 2020-2023.

Kommunestyret - 043/2019

KS - behandling:

Saksutgreiinga vart presentert i møtet.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

1. Driftsramme pr. rammeområde for 2020 budsjettet

BUDSJETTSKJEMA 1B	B 2020
01 Folkevalgte organ	2 500 000
02 Administrasjon	15 000 000
03 Barnehage	17 000 000
04 Skule	44 500 000
05 Helse	10 500 000
06 Sosial og barnevern	4 500 000
07 Pleie og omsorg	49 000 000
08 Kultur	6 500 000
09 Kyrkja	3 500 000
10 Teknisk	9 000 000
11 Andre tenesteområder	-8 800 000
Sum overført til 1A	153 200 000

2. Investeringsramme for 2020 og økonomiplan følgjer av saldert 2019 budsjett/kommunestyresak 11/2019

Rett utskrift frå møteboka frå kommunestyret 24.06.19 vert vitna:

Karstein Totland
ordfører

Bjørn Egil Nordland
kommunestyremedlem

Astrid Daae
kommunestyremedlem